




DET KONGELEGE FORNYINGS-  
OG ADMINISTRASJONSDEPARTEMENT

# St.meld. nr. 36

(2007–2008)

---

## Nordisk samarbeid







DET KONGELEGE FORNYINGS-  
OG ADMINISTRASJONSDEPARTEMENT

# St.meld. nr. 36

(2007–2008)

---

## Nordisk samarbeid



# Innhald

<b>1</b>	<b>Innleing .....</b>	5	<b>4.11</b>	Likestilling .....	28
			<b>4.12</b>	Justissectoren .....	29
<b>2</b>	<b>Aktuelle saker .....</b>	7	<b>4.13</b>	Flyktingar og migrasjon.....	31
2.1	Globaliseringsinitiativet.....	7	<b>4.14</b>	Administrasjon og forvaltning .....	31
2.2	Grensehinder.....	8	<b>4.15</b>	Barn og ungdom .....	32
2.3	Organisering av det nordiske samarbeidet .....	10	<b>4.16</b>	Frivillig sektor .....	32
<b>3</b>	<b>Nordens naboar .....</b>	12	<b>5</b>	<b>Anna nordisk regjerings-samarbeid .....</b>	33
3.1	Nordisk Ministerråd og samarbeidet med Nordens naboar .....	12	5.1	Det utanrikspolitiske samarbeidet....	33
3.2	Den nordlege dimensjon .....	13	5.2	Utanrikshandel.....	34
3.3	Austersjørådet .....	14	5.3	Forsvar .....	35
3.4	Barentsrådet .....	14	5.4	Utviklingssamarbeid.....	36
3.5	Arktisk råd .....	15	5.5	Forbrukarpolitikk .....	36
3.6	Nordisk samarbeid om europeiske spørsmål.....	16	5.6	Samferdsel.....	37
			5.7	Samar og nasjonale minoritetar.....	37
<b>4</b>	<b>Fagleg samarbeid .....</b>	17	<b>Vedlegg</b>		
4.1	Kultur .....	17	1	Nordisk Ministerråds budsjett 2008 og forslag til budsjett 2009 .....	39
4.2	Utdanning og forsking (inkl. IKT) ....	18	2	Statsminister Jens Stoltenberg: Innlegg i generaldebatten, den 59. sesjon i Nordisk Råd, 30.10.2007 .....	40
4.3	Miljø (inkl. tverrfagleg samarbeid) ...	19	3	De Nordiska statsministrarna i Punkaharju för ett kunnigare, synligare och mer välmående Norden .....	42
4.4	Nærings-, energi- og regionalpolitikk .....	19	4	Nordisk samarbeid. Nettsteder.....	44
4.5	Fiskeri og fangst .....	22	5	Forkortingsregister .....	45
4.6	Jord- og skogbruk .....	23			
4.7	Økonomi- og finanspolitikk.....	25			
4.8	Sosial- og helsepolitikk .....	26			
4.9	Arbeidsmarknad og arbeidsmiljø.....	27			
4.10	Ernæring og mattryggleik.....	28			





DET KONGELEGE FORNYINGS-  
OG ADMINISTRASJONSDEPARTEMENT

# St.meld. nr. 36

(2007–2008)

## Nordisk samarbeid

*Tilråding frå Fornyings- og administrasjonsdepartementet av 26. september 2008,  
godkjend i statsråd same dagen.  
(Regjeringa Stoltenberg II)*

### 1 Innleiing

Regjeringa prioriterer det nordiske samarbeidet. Norden, naboområda og nordområda dannar eit naturleg utgangspunkt for hovudprioriteringar i norsk utanrikspolitikk. Soria Moria-erklæringa slår fast at regjeringa legg særleg vekt på dialog med dei nordiske landa og vil utvikle potensialet i samarbeidet, også sett i samanheng med europeiske samarbeidsspørsmål.

Samtidig som aukande globalisering er med på å tone ned tradisjonelle skilje mellom landa, vert regionane viktigare som politiske samarbeidsarenaer. Norden som region, med det kultur- og språkfellesskapet vi har her, har særleg gode føresetnader for å sameine krefter i møtet med dei utfordrингane framtida byr på. Det nordiske samarbeidet er prega av ein ny dynamikk med stor breidd og nye initiativ. Med den nordiske velferdsmodellen står dei nordiske landa godt rusta til å møte den nye tida som følgjer med globaliseringa.

Globaliseringsinitiativet i erklæringa frå statsministrane etter sommarmøtet i Punkaharju i 2007 peikte ut retninga for eit utdjupa samarbeid om utfordringar som landa står overfor. Initiativet legg særleg vekt på klima, miljø, energi, forsking, innovasjon og grensehinder, prioriteringar som svarer godt med norsk politikk. Samla kan dei nordiske landa få til meir enn kvar for seg.

Dei roterande, eittårige formannskapane gir landa høve til å setje sitt politiske preg på aktivite-

tane i Ministerrådet ([www.norden.org](http://www.norden.org)), med felles nordisk nytte som forankring. Den svenske formannskapen i 2008 har arbeidd med å følgje opp globaliseringsinitiativet. Formannskapsprogrammet legg vekt på Norden som føregangsregion på sentrale samfunnsområde som teknologiuutvikling og forsking, og understrekar potensialet som ligg i dette når det gjeld å styrke konkurranseevna og minske faren for sosial utestenging. Nye initiativ skal styrke avviklinga av grensehinder.

Ei svært viktig side ved det nordiske regjeringssamarbeidet er det kontinuerlege samarbeidet på ulike politikkområde som dei nordiske institusjonane støttar opp om. Arbeidet i fagministerråda utvidar og utdjupar det nordiske fellesskapet. Det nordiske samarbeidet er dessutan ein viktig kanal for å påverke regelverksutviklinga i EU. Samarbeidet med frivillige aktørar, ikkje minst Nordenforeiningane, forsterkar den folkelege forankringa.

Under sesjonen i Oslo i 2007 stilte Nordisk Råd seg bak forslaget frå Ministerrådet om å styrke dei sjølvstyrte områda (Færøyane, Grønland og Åland) som deltarakar i det nordiske samarbeidet.

Dei seinare åra har Ministerrådet lagt stor vekt på samarbeid mellom Norden og nabolanda. Det er utvikla eit nært samarbeid med dei andre regionale råda (Arktisk råd, Barentsrådet, Austersjørådet). Den nordlege dimensjonen er viktig for eit forsterka nordisk samarbeid med Nordvest-Russland.

I kapittel 2 i meldinga vert det orientert om aktuelle saker i det nordiske samarbeidet. Globalisering og grensehinder vert spesielt trekte fram. Kapittel 3 ser på samarbeidet med nabolanda til Norden. Kapittel 4 er viggd til samarbeidet på faglege område. Kapittel 5 orienterer om anna nor-

disk regjeringssamarbeid, mellom anna det utanriks- og forsvars-politiske samarbeidet.

Lenke til det svenske formannskapsprogrammet for 2008 er [www.regeringen.se](http://www.regeringen.se).

Den norske delegasjonen til Nordisk Råd utarbeider ein eigen rapport som eit separat dokument.

## 2 Aktuelle saker

### 2.1 Globaliseringsinitiativet

Ei globalisert verd der endringane skjer i stadig aukande tempo, krev grenseoverskridande løysingar på globale spørsmål. Økonomi og teknikk endrar seg fort, mens strukturane for felles politiske vedtak og internasjonale samarbeidsformer i stor grad følgjer tradisjonelle mønster. Dei globale utfordringane er omfattande og krev stor merksamd globalt, og også i dei nordiske landa. Men framtida byr også på nye positive utsikter for det nordiske samarbeidet og for Nordens rolle i verda.

I nesten alle internasjonale samanlikningar plasserer Norden seg i toppen. Ikkje berre når det gjeld barn, likestilling, velferd og ein stor offentleg sektor, men også på område som vekst og produktivitet skårar Norden høgt. Det er såleis inga motsetning mellom ein velutvikla økonomi og ein stor offentleg, fellesskapsfinansiert sektor, slik ein del økonomar tidlegare har hevda. Norden som region har eit sterkt fellesskap i kjerneverdiar som dannar eit unikt utgangspunkt for å søkje mot felles løysingar. Den nordiske samfunnsmodellen har stor grad av sosial tryggleik, er open mot omverda, gir innbyggjarane rom til å delta og velje, viser evne til omstilling og samarbeid og er kjenneteikna av eit høgt utdanningsnivå og balanse mellom vekst og berekraft. På den eine sida er dette eit eineståande utgangspunkt for å søkje mot felles løysingar, på den andre sender det ein viktig bodskap ut over dei nordiske grensene. På same tid som det vert ei stor utfordring å oppretthalde og vidareutvikle modellen, har Norden her eit potensial til å påverke den globale politikken ytterlegare. Den nordiske velferdsmodellen er interessant og relevant for andre.

Dei nordiske statsministrane la dei overordna føringane for ein fornya fellesnordisk innsats for å møte globaliseringa på sommarmøtet i Punkaharju i juni 2007. Dei politiske satsingane fremjar forsking, innovasjon, klima, energi og miljø. Fjorten konkrete forslag er til behandling i dei respektive fagomiteane eller arbeidsgruppene:

- Globaliseringsforum
- Nordisk toppforskning
- Innovasjonsrepresentasjonar i Asia

- Ny nordisk innovasjonspris
- Felles nordisk EnergiExpo
- Verdsutstillinga i Shanghai i 2010
- Nordisk engasjement som innspel til klimaforhandlingane
- Arbeid mot grensehinder i Norden
- Overordna plan for utvikling av det nordiske forskings- og innovasjonsområdet (NORIA)
- Plan for å fremje høgare utdanning i Norden
- Prosjektplan for god opplæring til ungdom og vaksne
- Søkjelys på klimaendringane og deira konsekvensar for naturressursane i Norden
- Utvikling og profilering av Norden som senter for kreative industriar
- Harmonisering av den nordiske el-marknaden

Hausten 2008 skal det gjerast vedtak om implementering og oppfølging. Samarbeidsministrane er ansvarlege for arbeidet, mens generalsekretæren i Nordisk Ministerråd skal koordinere utviklinga av dei konkrete innsatsane. Prosessen vert gjennomført i samarbeid med landa, fagministerråda og nordiske institusjonar. Globaliseringsaktivitetane skal i hovudsak finansierast innanfor den gjeldande budsjettet i Nordisk Ministerråd, men det er venta at dei vil utløyse tilleggsmidlar frå andre kjelder. Det føreslårte toppforskingsprogrammet skal ha fokus på klima, energi og miljø, med helse og velferd som neste steg. I tillegg til nordiske og nasjonale midlar vert det nødvendig å finansiere dette programmet med synergikoplinger til næringsliv, EU-program og andre kjelder.

Eit globaliseringsforum samla dei nordiske statsministrane og representantar for næringsliv og forskingsmiljø 8.–9. april 2008. Målsetjinga med forumet var å stimulere til brei diskusjon om ei nordisk tilnærming til dei framtidsutsiktene globaliseringa opnar for. Det neste globaliseringsforumet skal haldast på Island i slutten av februar 2009.

Sjå elles dei enkelte fagområda.

Pressemelding frå møtet mellom statsministrane i Punkaharju i juni 2007 er lagd ved.

Erklæring frå statsministrane etter globaliseringsforumet 8.–9. april 2008 er lagd ved.

## 2.2 Grensehinder

Grensehinder er til ulempe for alle innbyggjarar og verksemder og til skade for samfunnsøkonomien. I ei tid då stadig fleire nordiske innbyggjarar driv grensekryssande aktivitetar i form av arbeid, næringsverksemd, studium og anna, møter mange av dei hindringar som skaper utfordringar i kvarvægen.

Formålet med å byggje ned grensehinder er å fremje integrasjon mellom dei nordiske landa, gjere kvardagen enklare for nordbuar som kryssar grensene i Norden, og i størst mogeleg grad å skape eit «grenselaust» Norden, mellom anna for å styrke velferda og auke konkurranseskytta i regionen.

Nordisk Ministerråd har dei seinare åra teke initiativ til ei lang rekke tiltak for å sikre at innbyggjarane i Norden kan reise mest mogeleg fritt og uhindra mellom landa.

Innbyggjarane i Norden har forventningar til det nordiske samarbeidet på grensehinderområdet, men fullstendig nedbygging av grensehinder er verken realistisk eller ønskeleg. Dei nordiske landa kjem framleis til å ha ulike lover og regelverk på mange område, sjølv om det vert arbeidd aktivt for å oppnå større grad av harmonisering på mange felt. Utfordringa vert å fjerne hinder der det er mogeleg, å redusere konsekvensane av hinder som vert ståande, og ikkje minst å sørge for at informasjon om relevante regelverk er lett tilgjengeleg for innbyggjarane. Samtidig må det arbeidast for å unngå at ny lovgiving skaper nye hinder.

### Grensehinderforum

Dei nordiske statsministrane vedtok på møtet i juni 2007 at det skal arbeidast aktivt for å fjerne hinder som innbyggjarane støyter på i nordisk samhandling.

Den etablerte ordninga med eigne pådrivarar på næringslivs- og sosial- og helseområdet er fasa ut. Grensehinderforum vart oppretta av statsministrane hausten 2007 og skal vidareføre arbeidet.

Grensehinderforum ([www.regjeringen.no](http://www.regjeringen.no)) skal ha ansvar for å identifisere hinder, vurdere innrapporterte problem og prioritere mellom desse. Vidare skal forumet sjå til at nasjonale styresmakter og departement engasjerer seg i arbeidet med å komme fram til konkrete løysingsforslag for dei aktuelle problema. Forumet skal ha tilgang til ministrar, departement og styresmakter for å sikre politisk støtte, og det skal ikkje minst drøfste og finne svar på dei enkelte problema. Grensehinderforum skal òg lette mobiliteten mellom landa ved å

styrke informasjonen om regelverk i dei ulike landa. Vidare legg forumet stor vekt på at forvaltinga i landa må vere på vakt mot å la ny lovgiving skape nye hinder. Dette gjeld mellom anna ved implementering av EU-direktiv.

Den finske ambassadøren Ole Norrbäck er leiar for Grensehinderforum. Saman med generalsekretæren i Nordisk Ministerråd rapporterer han til dei nordiske statsministrane. Tidlegare stortingsrepresentant og fiskeri- og samarbeidsminister, riksrevisor Bjarne Mørk-Eidem, er norsk representant i Grensehinderforum. Han har teke opp konkrete grensehinder i møte med politikarar og høgare embetsmenn på ei rekke sektorar.

Grensehinderforum skal òg dra nytte av erfaringar frå det bilaterale grensehinderarbeidet. Difor er det etablert ei norsk-svensk arbeidsgruppe under leiing av grensehinderrepresentantane for dei to landa. Arbeidsgruppa skal hente fram eksempel på bilaterale hinder og lansere konkrete løysingsforslag. Gruppa hadde sitt første møte i juni 2008.

### Næringspolitisk sektor

Arbeid med grensehinder er eit viktig område også næringspolitisk.

I august 2007 la NICe fram ein rapport, «Frå grensehinder og problem til forenkling og marknadsopning», som gjer greie for kva NICe gjer for å fjerne grensehinder for næringslivet i Norden. Rapporten inneholdt forslag til strategiar og tiltak for å fremje eit grenselaust nordisk næringsliv, og er samtidig eit innspel til det nordiske statsministerinitiativet på grensehinderområdet.

For å møte dei særskilde utfordringane dei nordiske grenseregionane står overfor og utnytte potensialet deira, er det særleg viktig å setje fokus på konkrete grensehinder. Med sitt fokus på den territoriale dimensjonen i samfunnsutviklinga har regionalpolitikken ei spesiell rolle som strategisk bindeledd mellom ulike politikkområde og sektorinteresser.

### Arbeidsmarknaden

Ein felles nordisk arbeidsmarknad utan grenser har eksistert lenge, og vart formalisert gjennom ein avtale så tidleg som i 1954. Frå 1986 til 2006 har vi i Noreg hatt ei nettoinnvandring på noko over 17 000 svenske, om lag 5000 danske og drygt 2500 finske statsborgarar. Av 73 000 busette innvandrarar som var sysselsette i fjerde kvartal 2006, var heile 33 000 frå dei nordiske landa.

Gode konjunkturar og høge lønningar påverkar arbeidskraftvandringane og viser korleis nordiske

innbyggjarar aktivt utnyttar den felles nordiske arbeidsmarknaden.

I ministerrådet for arbeidsliv held det aktive samarbeidet fram med sikt på å vidareutvikle den geografiske mobiliteten og tilpassingsevna på den nordiske arbeidsmarknaden. Landa har kontakt om gjennomføring av nye EU-direktiv i nasjonal lovgiving for å unngå at nye grensehinder oppstår.

Som følgje av at arbeidsmarknadene i Norden er vorte stadig tettare integrerte, deltok dei nordiske finansministrane hausten 2007 i ei erfaringsutveksling om mobilitet og pendling i dei nordiske arbeidsmarknadene og dei samfunnsøkonomiske konsekvensane av dette. Sjølv om integrasjonen har vore vellykka, står det framleis att grensehinder som svekkjer mobiliteten på arbeidsmarknaden. I denne samanhengen vart det offentleggjort to rapportar om drivkrafta bak og effektane av mobilitet og pendling mellom dei nordiske landa.

### *Trygdesektoren*

I trygdesektoren har det vore arbeidd aktivt med grensehinderproblematikken sidan 2003. Den nordiske trygdegruppa (sosialforsikringsgruppa) har eit hovudansvar for dette arbeidet og skal mellom anna vurdere konkrete problemstillingar og foreslå løysingar med tanke på å avskaffe grensehinder på området.

Døme på saker som gruppa har sett på, er forskjellane landa imellom når det gjeld fastsettjing av rett til uførepensjon, mellom anna reglane om rehabilitering og attføring.

Når det gjeld retten til uførepensjon, har det vore foreslått å la vurderinga av uføregrad i eitt nordisk land gjelde også i dei andre nordisk landa. Dette er eit ønske om harmonisering av regelverka i Norden som mellom anna kom til uttrykk i Nordisk Råds rekommendasjon nr. 5/2003.

Den nordiske trygdegruppa har vurdert problemstillinga ved fleire høve, men det har vist seg vanskeleg å finne støtte for ei slik løysing. Det er eit faktum at det er store forskellar i reglar og kriterium mellom landa, og ein kan ikkje utan vidare leggje samanfallande fastsettjing og gradering av uførleik til grunn.

Sjølv om verknadene berre gjer seg gjeldande i tilfelle med bustad og arbeid i minst to av landa, får ei harmonisering av uførekriteria budsjettmessige følgjer og reiser spørsmål om endringar i lovgivinga. I dei nordiske landa har det dei seinare åra generelt vore lagt vekt på å unngå varig pensjonering og å hjelpe den enkelte tilbake i arbeid. Etter ei nøktern vurdering er det neppe realistisk å få i stand ei samanfallande uførevurdering eller å

komme dit at kvart land i det minste skal godta dei vurderingane dei andre gjer på dette punktet. Det er gitt klare signal om at dette ikkje er aktuelt.

Den nordiske trygdegruppa har på denne bakgrunnen konkludert med at både ulikt lovgrunnlag og ulike vurderingsprinsipp gjer det vanskeleg å overføre rettar direkte og å harmonisere regelverket i dei nordiske landa på dette området. Desto viktigare vert det ifølgje gruppa å konsentrere innsatsen om administrative forenklingar og forbetrinigar, og på initiativ frå gruppa er det utvikla ein *samarbeidsmodell* for å styrke den administrative samhandlinga og få til ei raskare, betre samkøyrd og meir effektiv behandling av desse sakene i Norden. Målet er at saksopplysningars som vert oversende til eit anna land, skal vere klare nok til å stette krava i mottakarlandet. Det kan gi gode resultat på relativt kort sikt.

### *Internettpotalar*

Ein nordisk internettbasert portal om trygdeytin gar i Norden vart opna under sosialministermøtet i Visby i juni 2008 ([www.nordsoc.org](http://www.nordsoc.org)).

På det økonomiske og finanspolitiske området er det òg gjennomført tiltak for å byggje grensehinder mellom dei nordiske landa ytterlegare ned, mellom anna i samband med den nordiske skatteportalen som vart oppretta i 2005.

### *Nordisk skatteportal*

Nordisk eTax er utvikla i samarbeid med Nordisk Råd og skattestyresmaktene i Sverige, Finland, Noreg og Island ([www.Nordisketax.net](http://www.Nordisketax.net)).

### *Hallo Norden*

Hallo Norden er Nordisk Ministerråds informasjonsteneste for personar og småbedrifter i Norden. Formålet med Hallo Norden er å kartlegge problem og manglar i det nordiske regleverket og samarbeide med relevante aktørar på nasjonalt og nordisk nivå for å fjerne grensehinder ([www.hallonorden.org](http://www.hallonorden.org)).

### *Grensetenesta i Morokulien*

Grensetenesta i Morokulien er eit grense- og styresmaktoverskridande samarbeid med sikt på å lette økonomisk aktivitet og vekst på begge sider av den svensk-norske grensa. Nøkkelord er informasjon, fjerning av grensehinder på lokalplan og arbeidsformidling/rekruttering. I organiseringa av verksemda inngår eit grenseråd beståande av styresmaktpersonar og andre samarbeidspartnerar frå dei to landa. Rådet møtest to gonger i året. Ved at ulike styresmakter frå begge landa del-

tek, vert det skapt ein arena der aktuelle aktørar kan møtast i løysingsorienterte arbeidsgrupper og diskutere ulike forhold i dei respektive landa ([www.grensetjansten.no](http://www.grensetjansten.no)). På norsk side er verksamda finansiert over dei tre mest relevante departementa: Arbeids- og inkluderingsdepartementet, Kommunal- og regionaldepartementet og Nærings- og handelsdepartementet. Også lokale og regionale styresmakter og aktørar medverkar.

## 2.3 Organisering av det nordiske samarbeidet

### Statsministrane

Statsministrane har det overordna ansvaret for det nordiske regjeringssamarbeidet. I tillegg til nær og kontinuerleg kontakt i nordiske og andre internasjonale spørsmål har statsministrane regelmessige møte. På dagsordenen står både nordiske, europeiske og andre internasjonale spørsmål. Sidan den førre stortingsmeldinga om det nordiske samarbeidet har det vore tre møte mellom statsministrane. Det første var i tilknyting til sesjonen i Nordisk Råd i Oslo frå 29. oktober til 1. november 2007, det andre under globaliseringsforumet i Riksgransen 8.–9. april 2008 og det siste i Vadstena 15.–16. juni 2008.

Særleg på møtet i samband med sesjonen står nordiske spørsmål sentralt på dagsordenen. Under sesjonen er det òg møte med Nordisk Råds presidium og med representantar for dei sjølvstyrte områda. Det neste nordiske statsministermøtet finn stad i tilknyting til Nordisk Råds sesjon i Helsingfors i oktober 2008.

Statsministrane har stadfest sitt engasjement for ein samla innsats i møtet med ei globalisert verd. Generalsekretæren i Nordisk Ministerråd orienterte om framdrifta i globaliseringsinitiativet under sesjonen og på sommarmøtet i Vadstena.

Globaliseringsforum, med statsministrane som deltagarar, finn neste år stad på Island, som står som arrangør i samarbeid med sekretariatet i Nordisk Ministerråd. Andre deltagarar vert representantar for næringsliv, politikk, forskarmiljø og frivillige organisasjonar.

Når det gjeld avvikling av grensehinder mellom dei nordiske landa, har statsministrane avgjort at det årleg skal leggjast fram ei oversikt over aktuelle grensehinder og løysingsalternativ på statsministermøtet under sesjonen.

*Samarbeidsministrane, budsjett og administrasjon*  
Samarbeidsministrane møtest fem gonger i året, i 2008 under den svenske formannskapen. For-

nings- og administrasjonsminister Heidi Grande Røys har vore nordisk samarbeidsminister sidan oktober 2005.

Samarbeidsministrane koordinerer det nordiske regjeringssamarbeidet. Eit viktig ansvarsområde er ministerrådsbudsjettet og økonomistyring. Nordisk Ministerråd hadde eit budsjett for 2007 på 858,6 millionar danske kroner. Dei største sektorane i budsjettet var utdannings- og forskings-samarbeid (26 %), kultursamarbeid (19 %) og nærings-, energi- og regionalpolitikk (14 %). Den norske delen av budsjettet var i samsvar med den nordiske fordelingsnøkkelen på 25,2 %. Fordelingsnøkkelen tek utgangspunkt i kvart lands del av den samla nordiske bruttonasjonalinntekta.

Etter behandling i budsjettgruppa i Nordisk Råd og med tilslutning i Nordisk Råd vart budsjettet for Nordisk Ministerråd for 2008 fastsett til 858,6 millionar danske kroner. I tillegg vart budsjettet tilført 35 millionar danske kroner frå Nordisk Ministerråds samla likviditetsoverskot. For å redusere overskotet ytterlegare vart same beløpet tilbakeført til landa. Den norske delen av budsjettet er i 2008 på 26,6 %.

Som eit resultat av globaliseringssatsinga til statsministrane vart det sett av 60 millionar danske kroner i ein globaliseringspott. I budsjettforslaget for 2009 går ein inn for å halde budsjettet på same nivå som i 2007 og 2008, altså i underkant av 860 millionar danske kroner. Forslaget om at globaliseringsinitiativa skal vidareførast i 2009 med 60 millionar danske kroner, inneber reduksjonar på alle sektorområde i budsjettet på 2–10 %.

Budsjettreformene tredde i kraft frå og med budsjettet for 2008 for at prioriteringar og satsingsområde skal gå tydelegare fram. Budsjettkontrollen er òg vorte enklare. I forslaget til 2009-budsjett vert ikkje midlane til globaliseringsinitiativ lagde i ein eigen pott, men fordelte på eigne postar og lagde inn under ansvarsområda til relevante sektorar.

### *Sjølvstyrte område og deira stilling i det nordiske samarbeidet*

Samarbeidsministrane vedtok på møtet på Åland i september 2007 å styrke dei sjølvstyrte områda som deltagarar i det nordiske samarbeidet i samsvar med Helsingforsavtalen. Nordisk Råd slutta seg til det såkalla Ålandsdokumentet under Nordisk Råds 59. sesjon i Oslo i oktober 2007.

Ålandsdokumentet inneber at dei sjølvstyrte områda i visse samanhengar vert likestilte med dei nordiske landa når det gjeld arbeidet i Nordisk Ministerråd. Mellom anna kan dei vere leiarar av

ministermøte, embetsmannskomitear og arbeidsgrupper. Helsingforsavtalen vert ikkje endra, men vert tolka slik at landsstyra og landsskapsregjeringa får rett til å vere adressat for og svare på rekommandasjonar og spørsmål frå Nordisk Råd så langt dei har kompetanse til det. Langt på veg var dette realiteten frå før.

Ålandsdokumentet gir dessutan dei sjølvstyrte områda høve til å søkje om fullt medlemskap i nordiske institusjonar og samarbeidsorgan. Doku-

mentet stadfester at dette gjeld så sant området har ei «særskild og påviseleg interesse» av institusjonen. Dei sjølvstyrte områda har meldt inn dei institusjonane dei vil ha ei særleg interesse av å delta med stemmerett i. I dokumentet vert institusjonar og samarbeidsorgan dessutan oppmoda om å kontakte dei sjølvstyrte områda når spørsmål ein trur har interesse for dei, skal behandlast i institusjonen.

## 3 Nordens naboar

### 3.1 Nordisk Ministerråd og samarbeidet med Nordens naboar

Nordisk Ministerråd samarbeider med Nordvest-Russland, Estland, Latvia og Litauen og med dei regionale råda Barentsrådet, Austersjørådet og Arktisk råd. Samarbeidet omfattar òg innsats overfor Kviterussland.

Nabolandspolitikken har form av konkrete samarbeidsaktivitetar og deltaking i møte med dei regionale råda. Aktivitetane er komplementære til nasjonal innsats og til aktivitetar i andre organ. Formålet er å styrke dialogen mellom dei nordiske landa og naboane deira. Samarbeidet skal koncentrast til område der det nordiske engasjementet gir meirverdi og synergiar og medverkar til betre samordning av aktivitetar.

Nordisk Ministerråd har eit eige russlandsprogram med fokus på nettverksbygging og kunnskapsoverføring. Det rettar seg mot organisasjoner og styresmakter i Norden og Russland. Det er mellom anna etablert prosjekt innan lokal forvaltning, kamp mot menneskehandel, sosial- og helsevesen og frivillige organisasjoner. Ministerrådet har russisk hovudkontor i St. Petersburg, med underkontor i Kaliningrad, Murmansk, Arkhangelsk og Petrozavodsk. Russlandssamarbeidet er nært knytt til EU-politikken og støttar opp om Den nordlege dimensjon, der Ministerrådet er deltakar. Frå norsk side vert det lagt stor vekt på å styrke dialogen og samarbeidet mellom Nordisk Ministerråd og Nordvest-Russland. Samarbeidet er basert på retningslinjer som er godkjende av arbeidsministrane. Nye retningslinjer for 2009–2013 skal vere klare i løpet av hausten 2008.

Nordisk Ministerråd samarbeider aktivt med EU om demokratistøtte til Kviterussland gjennom støtte til eksiluniversitetet European Humanities University (EHU) i Vilnius. Hittil har EHU fått støtte frå Nordisk Ministerråd, Europakommisjonen og bilateralt frå enkelte nordiske land, deriblant Noreg, og det er administrert av Ministerrådets kontor i Vilnius. Samarbeidsministrane har sett behovet for betre styring og administrasjon av universitetet. I 2008 godkjende dei eit opplegg for å opprette eit eige Trust Fund for EHU som skal gi

rom for meir langsiktig finansiering og deltaking frå ein breiare givarkrins. Noreg held fram med å yte bilateral støtte.

Det nordisk-baltiske samarbeidet er veletablert og legg vekt på å vere politisk retta og til gjensidig nytte, basert på eit felles verdigrunnlag. Samarbeidsministrane har godkjent eit utkast til nye retningslinjer for samarbeidet med dei baltiske landa frå 2009 som landa skal samrå seg om i løpet av hausten. Prioriterte område er i) utdanning, forsking og innovasjon, ii) næringsliv, «klyngje»-samarbeid og kreative verksemder, iii) klima, energi og miljø – m.a. miljøtilstanden i Austersjøen, iv) helse og velferd og v) grenseregionalt samarbeid til fremme av demokratiske verdiar.

Samarbeidet med nabolaanda er konkretisert nedanfor og dessutan omtalt i kapitla om råda og under utanrikspolitisk samarbeid.

Dei baltiske landa og Polen er trekte direkte med i det nordiske samarbeidet på arbeidslivsområdet gjennom deltaking i ei såkalla EU-informasjonsgruppe under embetsmannskomiteen for arbeidsliv. Gruppa følgjer utviklinga på arbeidsmarknads-, arbeidsretts- og arbeidsmiljøfeltet i EØS-området. Formålet er å utveksle informasjon om synspunkt på aktuelle saker som er til behandling i EU. Gruppa drøftar også meir generelle EU-tema som kan vere av felles interesse for dei nordiske og baltiske landa og Polen. NIVA – Nordisk arbeidsmiljøutdanning – tilbyr kurs for å vidareutdanne ekspertar på arbeidsmiljø i Norden. Kursa er opne for deltakarar frå dei baltiske landa. NIVA organiserer elles eit eige kurs i Nordvest-Russland.

Nordatlantsamarbeidet (NORA) vil i 2009 framleis setje søkjelyset på klimaendringane og kva dei får å seie for den havbaserte økonomien i samarbeidslanda og for næringslivet der, og slik bidra til den pågåande klimadebatten. Med gjennomføringa av ein OECD-analyse av NORA-regionen ventar NORA å kunne vere med og heve kunnskapsgrunnlaget for avgjærder som kan styrke samarbeidet i den nordatlantiske regionen. Vidare vert utviklinga av samarbeidet med naboregionane til NORA-landa i vest (Canada og Skottland) eitt av dei prioriterte innsatsområda i 2009.

Det vert arbeidd med å utforme nye satsingsområde for kultursamarbeidet med Nordvest-Russland og Estland, Latvia og Litauen. Ei ny innretning på kultursamarbeidet med Nordvest-Russland er i støypeskeia som resultat av ein omfattande utviklingsprosess. Kulturministrane har sett ned ei policygruppe som arbeider med å utvikle ein kulturpartnarskap for Den nordlege dimensjon. Ei rekke aktørar har vore og er aktive innan kulturog folk-til-folk-samarbeidet.

I mai vart det halde eit nordisk-baltisk kulturministermøte. Eitt av hovudtemaa på møtet var etableringa av eit nordisk-baltisk mobilitets- og residensprogram frå 2009. Programmet bygger på det noverande nordiske mobilitets- og residensprogrammet og skal omfatte nettverksbygging, mobilitet og kunstnarresidensar. Det er nyleg utført ei evaluering av dei noverande nordisk-baltiske mobilitetsprogramma *Sleipnir* og *Closer Culture Neighbours* som viser at det er interesse og behov for å vidareføre eit programsamarbeid.

I rammeprogrammet for mobilitets- og utveklingsprogrammet Nordplus for perioden 2008–2011 deltek no Estland, Latvia og Litauen på lik linje med dei nordiske landa.

I samferdselssektoren er det etablert ei arbeidsgruppe der regionale styresmakter og vegstyresmakter på norsk og russisk side deltek. Formålet med samarbeidet er å betre *samferdselstilbodet* i grenseområda. Transportsambanda mellom dei to landa skal evaluerast, og norske og russiske utbyggingsplanar skal samanhaldast. På lengre sikt er transportbehova i grenseområda prega av større uvisse. Fleire forhold kan påverke transportutviklinga, mellom anna utvikling i olje- og gassindustrien, utbygginga av Storskog grenestasjon, fiskeeeksport til Russland, satsinga på Murmansk hamn og etablering av ny gruvedrift i Sør-Varanger.

I samspel med landa og andre regionale råd spiller Nordisk Ministerråd ei aktiv rolle i *helse- og sosialsamarbeidet* i nærområda. Helseituasjonen i Baltikum, og særleg i Russland, er vesentleg verre enn i Norden. Smittsame og livsstilsrelaterte sjukdommar er langt meir utbreidde. Nordisk Ministerråd er med i partnarskapen for helse og livskvalitet i Den nordlege dimensjon. I 2008–2009 er Noreg leiar og Russland nestleiar. Noreg leiar arbeidet for å styrke helsa i fengsla. Nordisk Ministerråd har særleg retta innsatsen sin mot menneskehandel og utsette barn og unge.

Ein annan viktig samarbeidsstruktur er Barentsrådets arbeidsgruppe for helse og sosiale saker. Denne arbeidsgruppa for nasjonale og regionale representantar er òg open for urfolksrepre-

sentasjon. Noreg leier gruppa saman med Murmansk fylke. I tillegg til å koordinere bilateral innsats gjennomfører arbeidsgruppa eit program mot hiv og aids og utviklar ei satsing retta mot utsette barn og unge.

På justisområdet tok Europarådet i 1998 initiativ til eit samarbeidsprosjekt med russisk fengselsvesen, Twin Prison Project. Deltakarar i dette prosjektet er Russland, Noreg og tre tyske forbundstatar. Samarbeidet mellom norsk og russisk fengselsvesen må karakteriserast som vellykka. Det praktiske samarbeidet har i hovudsak vore konsentrert om Nordvest-Russland, og det har fått ein god del merksemd på sentralt hald i Russland. Mellom anna er forholda for kvinner i fengsel eit viktig tema i den faglege dialogen. Samarbeidet har ikkje berre vore knytt til fengselstenesta, men òg til dei andre justisstyresmaktene. Våren 2006 vart det underteikna ein generell justispolitisk samarbeidsavtale mellom Noreg og Russland. Avtalen skal følgjast opp med toårige handlingsplanar, og den første vart underteikna i 2007.

### 3.2 Den nordlege dimensjon

Den nye nordlege dimensjon (ND), som tok over etter EUs nordlege dimensjon, vart formelt oppretta i november 2006 i Helsingfors. EU, Russland, Island og Noreg er likeverdige partnarar. Nordisk Ministerråd, dei andre regionale råda og internasjonale finansieringsinstitusjonar (IFI) er deltakarar i tillegg til lokale styresmakter, subregionale organisasjonar, universitet og høgskular, næringslivet, institusjonar i området, frivillige organisasjonar og andre relevante aktørar.

To partnarskapar, miljøpartnarskapen (NDEP) og helsepartnarskapen (NDPHS) er vidareførte frå EUs nordlege dimensjon. Dei største og mest vellykka prosjekta er gjennomførte i regi av miljøpartnarskapen. Miljøpartnarskapen har to vindauge, eitt for nukleære prosjekt og eitt for ikkje-nukleære. Noreg har løyvd 10 millionar euro til det nukleære vindauge og 6 millionar kroner til det ikkje-nukleære.

Den nordlig dimensjons partnarskap for helse og livskvalitet samordnar og koordinerer helseinitiativ i Den nordlege dimensjon og er aktiv innanfor smittsame sjukdommar, livsstilsrelaterte problemstillingar og oppbygginga av helsevesen. Noreg tok i november i fjor over som formann i helsepartnarskapen for to år. Russland er medformann. Utanriksdepartementet overfører i år 17,5 millionar til Helse- og omsorgsdepartementet til

bruk i helsepartnarskapen og Barents-helseprogrammet.

Det er konkret drøfta å opprette ein ny partnarskap for transport og logistikk. Det er òg sett fram forslag om ein partnarskap for kultur. I tillegg vert program for energieffektivisering og fornybar energi truleg oppretta som ein del av miljøpartnarskapen.

Andre mogelege samarbeidsområde innanfor ND er utdanning og forsking, ungdomsutveksling og grenseregionalt samarbeid.

Ifølgje stiftingsdokumenta skal Noreg og Island ha full tilgang til dei fire samarbeidsromma mellom Russland og EU i det området som utgjer ND. Dette har førebels avgrensa seg til informasjon frå Europakommisjonen og Russland.

Den nordlege dimensjon er ein ny møteplass i utvikling. Han kan styrke dei integrasjonsprosessenane som går føre seg mellom Russland og Europa. Dei nordiske landa er sentrale i denne samanhenget. Finland har spelt ei særleg aktiv rolle i ND.

### **3.3 Austersjørådet**

Latvia har hatt formannskapen i Austersjørådet i perioden juni 2007 til juni 2008 og har særleg lagt vekt på dei prioriterte områda utdanning, energi og sivil tryggleik. Danmark følger Latvia i formannskapen fram til juni 2009. Danmark vert sterkt engasjert i å gjennomføre reforma av Austersjørådet som vart vedteken i juni 2008, med desse prioriteringane: miljø, energi, utdanning, økonomisk utvikling og samarbeid og sivil tryggleik for innbyggjarane i regionen.

På utanriksministermøtet i Austersjørådet i juni 2007 fekk Latvia i oppdrag å leie ein reformprosess for samarbeidet i regionen med vekt på ein gjennomgang av Austersjørådet og sekretariatet i rådet. Reforma skal byggje på prioriteringar som det er oppnådd semje om gjennom forhandlingar. Rammevilkåra for samarbeidet i regionen er vesentleg endra dei seinare åra. Uttrykk for dette er mellom anna at Polen, Estland, Latvia og Litauen er vorte medlemmer av både NATO og EU/EØS.

Parallelt med reformarbeidet i Austersjørådet har EU sett i gang eit eige arbeid med ein strategi for samarbeidet i Austersjøregionen. Europaparlamentet har i resolusjons form vedteke å be EU om at det vert utarbeidd ein strategi for regionen. Eit førebuande arbeid er i gang, og Europakommisjonen deltek i førebuingane til eit første utkast til ein slik strategi. Det er mellom anna dei store miljøproblema i regionen, først og fremst i Austersjøen, som ligg bak behovet for ein strategi. Samtidig vil

strategien reflektere det store potensialet regionen har som eit livskraftig økonomisk område. Dette må utnyttast med særleg vekt på konkurranseskraft, slik at regionen kan stå best mogeleg rusta i møtet med globaliseringa.

Det er ingen direkte samanheng mellom reformarbeidet i Austersjørådet og EU-strategien. Ein reformdeklarasjon om Austersjørådet er alt vedteken og skal innleiingsvis setjast i verk under den danske formannskapen frå juli 2008, mens EU-strategien skal ligge føre seinast i juni 2009 og setjast i verk under den svenske formannskapen i EU hausten 2009. Men både reforma og deklarasjonen kan takast som uttrykk for at det hastar med å setje sterke sokjelys på utviklinga i regionen, auke den politisk merksemda og finslipe prioriteringane og måla for samarbeidet. Desse prioriteringane skal leggjast til grunn: miljø og klimaendring, energi og energitryggleik, energieffektivisering og fornybar energi, utdanning og kultur, økonomisk samarbeid, sivil tryggleik og humanitære spørsmål, mellom anna innsats mot trafficking. Austersjørådet skal i aukande grad utviklast til ein meir prosjektbasert organisasjon. Noreg har slutta aktivt opp om reformprosessen og mellom anna peikt på kor viktig det er å trekke med dei mange aktørane som arbeider for utvikling av regionen, til dømes det lokale og fylkeskommunale nivået og parlamentarikarsida. Den nordlege dimensjon må vere den overordna ramma for det vidare arbeidet. Noreg ser dessutan positivt på EU-vedtaket om å utarbeide ein eigen austersjøstrategi. Ein EU-strategi vil ikkje omfatte Russland, Noreg og Island, som alle er medlemmer av Austersjørådet. Frå norsk side er det difor lagt vekt på at dei tre landa, og Austersjørådet som organisasjon, vert trekte med i arbeidet med strategien. Den nordlege dimensjon er ei passande ramme for informasjon om framgangen i arbeidet med strategien og for eventuelle konkrete innspel i prosessen.

### **3.4 Barentsrådet**

Barentssamarbeidet kom i stand på norsk initiativ. Kirkeneserklæringa frå 1993 nemner ei rekke prioriterte samarbeidsfelt med berekraftig utvikling og styrkt stabilitet som overordna mål. Samarbeidet går føre seg på to politiske nivå: det mellomstatlege i Barentsrådet (Barents Euro-Arctic Council, BEAC) og det regionale i Regionrådet (Barents Regional Council, BRC).

Medlemmer i Barentsrådet er Danmark, Finland, Island, Noreg, Russland, Sverige og Europakommisjonen. Ni land har observatørstatus.

Tretten fylke eller tilsvarende regionale eininger utgjer Regionrådet saman med representantar for dei tre urfolka i regionen, samar, nenetsar og vepsar. Finland, Noreg, Russland og Sverige har skiftevis formannskapen i Barentsrådet. Noreg hadde sist formannskapen i 2003–2005, mens Russland no er formann fram til hausten 2009. Oulu er formann i Regionrådet. Frå norsk side deltek dei tre nordnorske fylka aktivt i det regionale samarbeidet. Fleire arbeidsgrupper er oppretta under BEAC og BRC. Det finst òg felles BEAC/BRC-arbeidsgrupper. Arbeidsgruppa for urfolksspørsmål har rådgivande funksjon overfor BEAC og BRC.

Frå januar i år har det internasjonale Barentsssekretariatet vore i drift i Kirkenes. Det skal støtte arbeidet på alle nivå. Målet er å betre koordineringa og styrkje kontinuiteten og effektiviteten i samarbeidet.

Dei konkrete oppgåvene er å styrkje og fremje regionalt samarbeid over eit breitt spekter: næringsliv, miljø, samferdsel og kommunikasjon, utdanning og forsking, helse, kultur, urfolk, justisspørsmål og redningssamarbeid. Det er gode kontaktar mellom forretningsverksemder i barentslanda og mellom kommunar i dei ulike landa. Barentssamarbeidet har vore med på å bryte ned gamle skiljelinjer i nord og har utvikla ein sterk folk-til-folk-dimensjon. Lokale og regionale aktørar spelar ei viktig utanrikspolitisk rolle i samarbeidet.

For Noreg er tilhøvet til Russland ei viktig utanrikspolitisk side ved Barentssamarbeidet. Norsk-russiske samarbeidsprosjekt har hatt Nordvest-Russland som særskilt innsatsområde. Dei fleste prosjekta, også tiltak som gjeld atomtryggleik, er gjennomførte i Barentsregionen.

I regi av Barentsrådet er det etablert ein komité som behandler grenseoverskridande redningsfaglege spørsmål i Barentsregionen. Det er utarbeidd ein redningsavtale for Barentsregionen. Avtalen skal etter planen underteiknast i 2008. Øvinga Barents Rescue 2009 skal haldast i Murmansk hausten 2009. Det ligg føre ein bilateral sjøredningsavtale mellom Russland og Noreg om samarbeid ved søk etter sakna personar og redning av menneske i naud i Barentshavet. Denne bilaterale avtalen er framforhandla i samsvar med FNs internasjonale konvensjon om søk og redning til sjøs, 1979 (SAR-konvensjonen). Det vert halde årlege sjøredningsøvingar mellom Noreg og Russland i samsvar med avtalen frå 1995.

### 3.5 Arktisk råd

Arktisk råd er det einaste regionale samarbeidsorganet som omfattar alle dei åtte arktiske landa: dei fem nordiske landa, USA, Canada og Russland. Rådet har i tillegg faste deltakrar som representerer urfolka i den arktiske regionen. Seks slike grupperingar er med, mellom anna Samerådet, som representerer samane i Sverige, Finland og Russland. Ikkje-arktiske land, mellomstatlege og ikkje-statlege organisasjonar og parlamentarikarorganisasjonar deltek som observatørar. Den arktiske parlamentariske samarbeidskomiteen er blant dei organisasjonane som har fast observatørstatus.

Gjennom Arktisk råd kan vi supplere bilaterale kontaktar med multilaterale drøftingar. Arktisk råd er eit forum der dei nordiske landa møter sine store naboar i aust og vest, og der dei kan trekke desse med når det gjeld å løyse felles problem. Både russisk og amerikansk politikk i dei nordlege områda er svært viktig for Noreg. Det er i norsk interesse å utdjupe og vidareutvikle samarbeidet i Arktisk råd som eit organ for sirkumpolart samarbeid.

Under Arktisk råd er det seks permanente arbeidsgrupper som dekkjer desse programområda:

- Overvaking av forureining og klima (*Arctic Monitoring and Assessment Programme – AMAP*)
- Bevaring av flora og fauna (*Conservation of Arctic Flora and Fauna – CAFF*)
- Beredskap mot akutt forureining (*Emergency Prevention, Preparedness and Response – EPPR*)
- Vern av det marine miljøet (*Protection of the Arctic Marine Environment – PAME*)
- Berekraftig utvikling (*Sustainable Development Working Group – SDWG*)
- Handlingsprogrammet mot forureining (*Arctic Contaminants Action Programme – ACAP*).

Noreg har formannskapen i Arktisk råd. Formannskapsprogrammet er utarbeidd i samråd med Danmark og Sverige, som er dei to neste formannskapslanda etter Noreg. Koordinerte program for den nordiske formannskapsperioden i Arktisk råd 2006–2013 gir eit meir langsiktig og fokusert arktisk samarbeid. Programmet har tre hovudprioriteringar: heilskapleg ressursforvaltning, klimaendring og effektivisering av samarbeidet.

Utnytting av energi- og mineralressursane er av stor og aukande verdi i nordområda. Formannskapen i Arktisk råd vil vere eit viktig verkemiddel for å dele røynslene frå norsk ressursforvaltning i

nord. Noreg leier eit samarbeidsprosjekt for å samle røynslene til medlemslanda i økosystem-basert ressursforvaltning innanfor det arktiske området.

Arktisk råd har gjennomført ein klimastudie, *Arctic Climate Impact Assessment* (ACIA), som gav oss ei grundig kartlegging av kunnskapen om klimaendringane i Arktis og verknadene dei har for regionen og verda elles. På ministermøtet i Arktisk råd i Salekhard i oktober 2006 var det semje om å halde fram med arbeidet med innhenting av kunnskap om klimaendringane. Noreg har difor etablert eit prosjekt som skal gjere opp status for klimaendringane i dei isfylte områda i nord og vurdere konsekvensane. Det skal ta for seg nedsmeltinga av havisen og Grønlandsisen og reduksjonen i permafrost og snødekke. Prosjektet vart godkjent i april 2008 og skal halde fram i heile den norsk-dansk-svenske formannskapsperioden.

Ministermøtet i Salekhard gav òg mandat til auka samarbeid om tilpassing til klimaendringane i nord. Rådet har starta arbeidet med ein brei studie av kva som ligg føre av kunnskap om tilpassing til arktiske klimaendringar. Ut frå kunnskapsstudiene vil ein samle ekspertar for å drøfte vidare prioriteringar i samarbeidet. Målet er å auke evna hos urfolk og andre lokale innbyggjarar til å hanskast med verknadene av klimaendringane.

Ein viktig del av det norsk-dansk-svenske samarbeidet i Arktisk råd er etableringa av eit felles sekretariat i Tromsø fram til 2013. Sekretariatet har tre internasjonalt tilsette og vart operativt hausten 2007.

### 3.6 Nordisk samarbeid om europeiske spørsmål

Dei nordiske landa har ei rekke felles interesser og synspunkt når det gjeld utviklinga i EU. Sjølv om dei nordiske landa har ulik tilknyting til EU, knyter EØS-avtalen dei saman i ei felles marknadsramme. EØS-avtalen er dermed vår viktigaste nordiske samarbeidsavtale.

Det nordiske samarbeidet er ei viktig ramme for å koordinere nordisk europapolitikk, og euro-paspørsmål er difor faste innslag på dagsordenen for nordiske og nordisk-baltiske ministermøte. Noreg deltek dessutan jamleg på nordiske eller nordisk-baltiske formøte før rådsmøte i EU. Dette gjeld særleg rådsmøte om miljø, energi og samferdsel.

Kontakten mellom dei nordiske hovudstadene, EU og dei nordiske EU-delegasjonane i Brussel er

tett og god. Sett frå norsk side er det særleg viktig å sørge for at europapolitiske saker med relevans for Noreg vert diskuterte i den nordiske krinsen på eit tidleg tidspunkt. Dette gjeld ikkje minst EØS- og Schengen-relaterte spørsmål. Slik kan Noreg oppnå indirekte innverknad på dei interne drøftingane i EU i saker som er viktige for oss. Difor er det viktig at norske styresmakter på alle nivå arbeider vidare med å utvide og utdjupe kontaktnettet i nordiske EU-krinsar.

Sverige har formannskapen i EU hausten 2009, og Danmark tek over våren 2012. I desse halvårs-periodane vert det nære nordiske samarbeidet ekstra viktig for Noreg. Inngangsporten til sentrale EU-prosessar vert ofte vidare med eit nordisk naboland ved EU-roret. Dette gjeld både informasjonsflyt og møtedeltaking i interessante EU-forum. Den finske formannskapen hausten 2006 viste dette på ein god måte.

Dei mest konkrete og synlege eksempla på nordisk samarbeid i EU-samanheng dei siste åra er etableringa av den nordiske militære innsatsstyrken (Nordic Battle Group, NBG) som stod i beredskap våren 2008, og innlemminga av Noreg og Island som aktive deltagarar i det EU-initierte samarbeidet i Den nordlege dimensjon. Likevel er det enno slik at Austersjø- og Barentssamarbeidet til tider kan vere prega av at mange prosjekt er forankra i EU gjennom naboskapspolitikken (ENP) eller Interreg. Dei nordiske naboane våre er difor opptekne av nære kontaktar med Brussel, og EU-kommisjonen deltek òg i Austersjø- og Barentssamarbeidet. For Noreg betyr det auka innsats for og merksemd om nordområda.

Også på justis- og innanriksområdet har nordisk samarbeid betydning. For Noreg er det viktig å oppretthalde dei nordiske modellane på område der EU etablerer og vidareutviklar tilsvarande samarbeid. Eksempel på slike område er det konsulære samarbeidet, politisamarbeidet og visumsamarbeidet. Ved å sikre at det nordiske samarbeidet er velfungerande og attraktivt, kan vi bidra til at dei nordiske EU-medlemslanda vidarefører det sjølv når liknande samarbeid vert forsterka på EU-nivå.

Avtalen mellom Noreg, Island og EU om institusjonelle løysingar for den norske og islandske deltakinga i Schengen-samarbeidet har gjort at den nordiske passunionen kan bevarast. Avtalet inneber òg at alle dei nordiske landa er ein del av eit større europeisk område med reisefridom. Det er godt samarbeid mellom dei nordiske landa i spørsmål som er relevante for Schengen.

## 4 Fagleg samarbeid

### 4.1 Kultur

Med utgangspunkt i det nordiske globaliseringsprosjektet skal også kultursektoren profilerast sterkare. Nordisk kunst og kultur har stort potensial når det gjeld å profilere nordisk styrke og kompetanse. Felles nordisk satsing kan gi større gjennomslagskraft enn om landa opptrer kvar for seg. Globalisering handlar ikkje berre om å sjå utover og forstå forandringar, men like mykje om å verte klar over eigen styrke og kompetanse. Kulturelt forankra kompetanse er unik og vanskeleg å etterlikne og gir ofte dei sterkeste konkurransesfordelane.

Dei nordiske kulturministrane har sett i gang eit arbeid med sikt på å fremje kultur som sjølvstendig profilingsområde i det nordiske globaliseringsprosjektet. Kunst og kultur er allereie på mange måtar med på å fremje Norden som ein interessant kulturregion, og innsatsen på dette fellet skal no gjerast meir systematisk. Dei nordiske kulturministrane har utarbeidd eit policydokument, Det kreative Norden, ein kulturoffensiv som skal styrke Nordens posisjon i den globale konkurransen. Arbeidet med ein globaliseringsstrategi er gitt høg prioritet av kulturministrane.

Hovudinnretninga i den globaliseringsstrategien kulturministrane har valt, er formulert i to hovudtema: i) kultur, næring og opplevelsesøkonomi og ii) kulturelt mangfold og interkulturell dialog. Desse temaene er konkretiserte i fleire fellessatningar mellom kultur- og næringslivsida innanfor dei kreative industriene, til dømes utbygging av Nordisk Film- & TV Fond og Nordisk dataspelprogram, nordisk kulturbidrag til Verdsutstillinga i Shanghai i 2010 og Den nordlege dimensjons kulturpartnarskap, nordisk samarbeid om oppfølging av UNESCO-konvensjonen av 2005 om eit mangfold av kulturuttrykk, kulturutveksling med dei baltiske landa gjennom felles mobilitets- og residensprogram, nordiske hus som vindauge til nabokulturane og naboregionane våre, internasjonal profilering av Norden gjennom dei nordiske prisane og nordisk satsing på barnekultur.

Språk og kultur heng nøyne saman. Dei nordiske språka møter stadig aukande utfordringar i

ei globalisert verd og taper gradvis terreng til engelsk. Kultur- og kyrkjedepartementet la våren 2008 fram ei stortingsmelding om ein ny språkpolitikk. Her heiter det at departementet gjennom informative verkemiddel vil oppfordre og stimulere aktørar på kulturområdet til å delta aktivt i nordisk samarbeid. Meldinga nemner ei rekke tiltak som kan styrke den nordiske språkforståinga, mellom anna formidlingsprogram om nabolandslitteratur for barn og vaksne i folkebiblioteka, styrking av formidlinga av nordiske film- og tv-produksjonar i Norden og fleire nordiske samproduksjonar for film og fjernsyn, utvikling og formidling av dataspel på andre nordiske språk og utvida nordisk samarbeid om språkressursar. Hovudfokus på kulturområdet i Nordisk Ministerråd har vore konsolidering av den nye strukturen for kultursamarbeidet, som skal styrke kulturaktørane i Norden og fremje Norden som ein dynamisk kulturregion. Gjennom Nordisk dataspelprogram, mobilitets- og residensprogrammet og kunst- og kulturprogrammet er det opna for nye samarbeidsformer og nye arenaer for å fremje eit mangfold av kulturuttrykk i Norden. Det er òg lagt vekt på oppbygginga av forvaltningsorganet for programma, Kulturkontakt Nord. Det er lagt opp til vidareutvikling og aktiv bruk av Nordisk kulturforum som dialogverktøy for kulturfeltet i Norden. Det vert lagt opp til brei involvering frå alle aktørar i det nordiske kultursamarbeidet. Ei ny innretning på samarbeidet med Nordvest-Russland og dei baltiske landa står òg sentralt i arbeidet på kulturområdet. På eit nordisk-baltisk kulturministermøte i Stockholm i mai 2008 vart det gjort vedtak om å etablere eit nordisk-baltisk mobilitets- og residensprogram i 2009. Gjennom ein temadebatt gav ministrane til beste eksempel på interessante og vellykka tiltak for å fremje barne- og ungdomskultur. Oppfølging av Nordisk Råds rekommendasjon om sameksistens og kulturell kompleksitet i det fleirkulturelle samfunnet er òg ei viktig oppgåve på kulturområdet. Eit forslag til korleis det nordiske samarbeidet kan leggje til rette for å handtere kulturell kompleksitet og fremje sameksistens er under utarbeiding, og det vert planlagt ein konferanse om temaet hausten 2008.

*Nordisk kulturfond* støttar eit breitt felt av kulturprosjekt som både profesjonelle og amatørar står bak og gjennomfører. Prioriterte område er kunst- og kulturprosjekt som fremjar samarbeid mellom nye grupper og aktørar, aktivitetar for og med barn og unge, nye uttrykks- og formidlingsformer, forståing mellom dei nordiske språka, kunnskap om språka i Norden og rolla deira som kulturberarar, kunnskap om Nordens historie og nye tradisjonar og diskusjon om kunst- og kulturpolitikk. I tillegg til bidragsverksemda har fondet «Årets nordiske utstilling» som satsingsområde og yter annakvart år eit tilskot (maksimalt 3 millionar danske kroner) til eit større utstillingsprosjekt. Årets nordiske utstilling 2007–2008 er eit samarbeid mellom elleve museum på Nordkalotten og dreier seg om kva lys og mørke betyr for livet på Nordkalotten. Styret for fondet har utpeikt utstillinga «Impact – Art in the Age of Climate Change» til Årets nordiske utstilling 2009–2010. Utstillinga skal opnast under FNs globale klimatoppmøte i København i 2009. Utstillinga har som visjon å bruke dei kommunikative og subjektive kvalitetane i kunsten til å engasjere og inspirere befolkninga i Norden.

## 4.2 Utdanning og forsking (inkl. IKT)

### *Utdanning*

Noreg og dei andre nordiske landa har utdanning, forsking og innovasjon som høgt prioriterte satsingsområde. Innanfor høgare utdanning er det nye Nordisk Master-programmet eit viktig element. Betydelege midlar går til å finansiere forsking og stimulere til meir forsking og innovasjon i næringslivet. Norden har ein lang samarbeidstradisjon på dette området, med eigne nordiske institusjonar som NordForsk, NICe og Nordisk energiforsking. Desse er viktige for å samle dei gode kreftene i Norden. Nordiske institusjonar på området må koplast endå tettare opp mot dei tunge nasjonale satsingane på forsking og innovasjon. Slik har vi betre utsikter til å lykkast med satsingane våre enn om dei nordiske landa og dei nordiske institusjonane skulle arbeide kvar for seg. Slike samarbeid vert avgjerande for at Norden skal kunne møte dei utfordringane globalisering fører med seg.

Nordisk samarbeid om utdanning går i stor grad føre seg innanfor rammeprogrammet for Nordplus, mobilitets- og nettverksprogrammet til Nordisk Ministerråd. Det nye programmet starta opp i 2008 og er utvida til å omfatte dei tre baltiske landa som fullverdige, betalande deltakrar.

Rammeprogrammet for perioden 2008–2011 omfattar eitt tverrsektorielt program og tre sektorprogram – for skuleområdet, høgare utdanning og vaksnes læring. Nordplus Språk og kultur vert eit reint nordisk program tilknytt rammeprogrammet.

Felles nordiske masterprogram, med delfinansiering frå Nordisk Ministerråd til utviklingsarbeid, vart utlyste i 2007. Dei skal medverke til at høgare utdanningsinstitusjonar i Norden saman kan tilby så høg kvalitet at dei kan hevde seg i den internasjonale konkurransen om dei gode studiente i og utanfor Norden. Tre av dei seks utvalde programma startar opp i 2008, resten året etter.

Det nordiske mastertilbodet er eit viktig element også ved at det kan knytast opp til globaliseringsinitiativet.

Det nordiske masterprogrammet dekkjer så ulike område som eldreforsking, datamaskinteknologi, religionens røter i Europa, energiforsking, plantesjukdommar, havmiljø og klimaendringar. Universiteta i Åbo og Jyväskylä i Finland, Bergen i Noreg, København og Århus i Danmark og Kungliga Tekniska Högskolan i Sverige er hovudkoordinatorar for dei seks utvalde prosjekta, som ei rekke høgare lærestader i alle dei nordiske landa deltek i.

Det nordiske samarbeidet om grunnopplæring har til hovudformål å arbeide for ei god utdanning for ungdom og vaksne.

Prioriterte område er oppfølging av Nordisk Råds rekommandasjonar om små yrkes- og handverksfag og undervisningsinitiativ for skuleelevar om klima og FNs klimatoppmøte. Elles skal det framleis leggjast vekt på lese- og skriveopplæring og på det pedagogiske innhaldet i førskulen.

Eit språkorganiseringsutval som var nedsett for å vurdere korleis området språk og språkpolitikk best kan organiserast med sikte på å styrke nabospråkforståinga, leverte sin rapport i slutten av 2007.

Ein komparativ studie av nordisk lærarutdanning vert sett i gang i 2008.

Ein forstudie om leseferdigheitene hos vaksne vart lagd fram i 2007 som grunnlag for ein hovedstudie, som startar opp i 2008.

### *Forsking og innovasjon*

Noreg støttar aktivt opp om den sterke vektlegginga av forsking og innovasjon i det nordiske samarbeidet, mellom anna med etableringa av NordForsk og NICe som sentrale samarbeidsinstitusjonar på nordisk nivå. Dei nasjonale forskingsråda er dei sentrale aktørane i NordForsk. Det nordiske samarbeidet byggjer på nasjonale prioriteringar på

område der nordisk samarbeid utgjer ein meir-verdi. Det er etablert 16 senter for toppforsking (Nordic Centres of Excellence, NCoE) på områda helse, velferd, global endring, molekylærmedisin og humaniora/samfunnssfag. NordForsk har sett i gang ei evaluering av dei første sentra, og denne vert eit viktig innspel til den vidare utviklinga av ordninga.

Det nordisk forskingssamarbeidet har i 2007 særleg fokusert på klimaforsking. På sesjonen i Nordisk Råd i november vart det lagt fram ein studie av potensialet for nordisk samarbeid om klimaendringar i Arktis og kva konsekvensar dei kan få. På møtet i Punkaharju i 2007 rådde statsministrane til at det vart etablert eit nordisk toppforskingssprogram innan klima, energi og miljø. Ein arbeidsgruppe har fremja forslag om eit tettare forskings-samarbeid om polarforsking i Arktis. Regjeringa støttar opp om desse initiativa. Samla legg dei sterke føringar på det nordiske samarbeidet i åra som kjem, og vil krevje samordning mellom dei ulike områda i Nordisk Ministerråd.

#### IKT

IKT-koordineringa er basert på ei uformell nordisk IKT-politisk gruppe, i tillegg til at rådgivningsgruppene i MR-U har integrert IKT i arbeidet sitt. Hittil er e-Science valt som grunnlag for det nordiske IKT-samarbeidet.

### 4.3 Miljø (inkl. tverrfagleg samarbeid)

Det nordiske miljøsamarbeidet er omfattande og dekkjer eit vidt spekter av saker. Samarbeidet er mellom anna ein av dei viktigaste kanalane vi har til å påverke regelverksutviklinga som går føre seg på miljøområdet i EU og andre internasjonale forum. Rammene for det nordiske miljøsamarbeidet følger av miljøhandlingsprogrammet for perioden 2005–2008. I tillegg er samarbeidet styrt av politiske initiativ og aktuelle spørsmål som til kvar tid står på den internasjonale dagsordenen.

Prioriterte satsingsområde i miljøsektoren under den finske formannskapen i Nordisk Ministerråd i 2007 var mellom anna EUs kjemikalieregelverk REACH, miljøkonsekvensar ved bruk av nanoteknologi og Austersjøsamarbeidet sett i relasjon til EU-strategien på det marine området. Dette er samarbeidsområde som vert vidareførte i 2008.

Som ei oppfølging av globaliseringsinitiativet frå statsministrane har det svenske formannskapsprogrammet for 2008 sett særleg fokus på arbeidet med klima, miljø og energi. Ei eiga nordisk arbeidsgruppe er oppretta for å hjelpe til med føre-

buingane til klimakonferansen i København, COP 15, som finn stad i slutten av 2009. Konkret skal denne arbeidsgruppa gjennomføre ei rekke utgreiingar og prosjekt og halde møte og konferanser for å medverke til ei best mogeleg førebuing av klimakonferansen. Sidan viktige premissar for forhandlingane på klimakonferansen i København vil verte lagde på årets klimakonferanse, COP 14, som finn stad i Polen i desember, har dei nordiske landa innleidd eit samarbeid med Polen på dette området.

Under den svenske formannskapen vert arbeid med kjemikaliar framleis høgt prioritert. Særleg vil det vere fokus på implementeringa av kjemikaliereregelverket REACH, som no er på plass, og på at Norden framleis skal vere ei drivkraft i arbeidet med å få på plass eit globalt samarbeid om kvikksølv og andre tungmetall. Sverige har også prioritert arbeidet med havforureining, der fokus særleg er sett på situasjonen i Austersjøen. Vidare har miljøsektoren sett i gang arbeidet med eit nytt miljøhandlingsprogram for perioden 2009–2012, og eit forslag til nytt program vert lagt fram på Nordisk Råds sesjon i haust.

### 4.4 Nærings-, energi- og regionalpolitikk

Dei siste ti åra har vore den sterkeste vekstperioden i verdsøkonomien sidan slutten av 1960-talet. Den samla produksjonen av varer og tenester har auka med 4,1 % årleg sidan 1997. Bak den økonomiske veksten ligg rask teknologisk utvikling, endra institusjonelle og politiske rammevilkår og demografiske endringar. Verdsøkonomien er inne i ein periode kjenneteikna av stadig tettare økonomisk integrasjon mellom land over heile verda. Globaliseringa kan sjåast som ein prosess der verda vert knytt tettare saman ved at flyten av varer, tenester, menneske, kapital og informasjon går raskare, billegare og over større avstandar enn før.

Globaliseringa har hatt betydelege positive konsekvensar for levestandarden både i industrieland og utviklingsland. Årsaka til denne positive utviklinga er at handel mellom land gir gevinstar for alle partar ved at tilgjengelege ressursar kan brukast meir effektivt. Mellom anna aukar teknologi- og idémengda som kvar land kan nyttiggjere seg. I tillegg gir internasjonalt samkvem grunnlag for å utnytte stordriftsfordelar og komparative fordelar i landa kvar for seg. Marknader prega av konkurransen medverkar dessutan til kostnadsreduksjon, innovasjon og meir effektiv organisering.

Den territoriale dimensjonen vert stadig viktigare i ei sterkt integrert verd.

Det framtidige nordiske regionalpolitiske samarbeidet skal gjennom nært samvirke mellom ulike vedytaksnivå og sektorar medverke aktivt til å møte utfordringane som globaliseringa fører med seg. Slik kan ein på ein berekraftig måte styrke utviklinga i Norden på lokalt, regionalt og nasjonalt nivå.

Det regionalpolitiske samarbeidet har til formål å styrke den innovative krafta og det økonomiske vekstpotensialet i heile det nordiske territoriet. Tre innsatsområde er sentrale:

- erfaringsutveksling og oppbygging av ny kunnskap
- globalisering og grenseoverskridande samarbeid
- tredje generasjons regionalpolitikk.

Det første satsingsområdet handlar om å vidareutvikle og fornye det veletablerte erfarings- og kunnskapssamarbeidet som er etablert gjennom det nordiske samarbeidet, mellom anna med større vekt på politikkutvikling. Nordregio skal som før ha ei sentral rolle i dette arbeidet. Det andre satsingsområdet vert å utnytte erfaringar frå grenseoverskridande samarbeid betre for å fremje eit integrert nordisk næringsliv som svar på den auka globaliseringa. Det tredje innsatsområdet går ut på å etablere det nordiske samarbeidet som ein viktig og verdifull aktør når det gjeld utforming av regionalpolitikk både på nasjonalt nivå og EU-nivå.

Det er utarbeidd utkast til eit nytt regionalpolitisk samarbeidsprogram for perioden 2009–2012. Utkastet skal behandlast på ministermøtet i september. Hovudbodskapen i programmet er at det framleis vil verte lagt vekt på å sjå det nordiske samarbeidet i samanheng med det omfattande europeiske samarbeidet i regionalsektoren.

Med dei utfordringane globalisering, konkurranseskyrte og klimaspørsmål utgjer, vert behovet for samvirke og samordning mellom periferi og sentrum av ulik storleik stadig tydelegare. Det same gjeld behovet for å byggje ned grensehinder for å møte dei særskilde utfordringane dei nordiske grenseregionane står overfor og utnytte potensialet deira. Med si vektlegging av den territoriale dimensjonen i samfunnsutviklinga har regionalpolitikken ei særskild rolle som strategisk bindeledd mellom ulike politikkområde.

Den nye organisasjonsstrukturen i Nordisk Ministerråd tredde i kraft 1. januar 2006. Dei tidlegare tre ministerråda for høvesvis næring, energi og regionalpolitikk vart då slått saman til eitt felles ministerråd (MR-NER). Den nye strukturen skal effektivisere arbeidet i Nordisk Ministerråd og leg-

ge til rette for å utnytte synergiar mellom dei tre sektorane. MR-NER heldt sitt første møte i det norske formannskapsåret 2006 i Bodø i september, med «Nordområda i eit nordisk og europeisk perspektiv» som felles hovudtema. Bodø-møtet vedtok eit felles kommuniké og ei eiga ministererklæring på energiområdet. Ministermøtet i Helsingfors i september 2007 hadde fokus på å følgje opp globaliseringsinitiativet frå dei nordiske statsministrane, «Mogelegheitene Norden – svar på globaliseringsutfordringane», med særleg vekt på innovasjonssamarbeid, elmarknad og klimaspørsmål. Dei ulike forslaga i globaliseringsinitiativet, slik det går fram av kommunikéet frå møtet i Punkaharju i juni 2007, inneheld ei rekke forslag som er svært ulike i karakter, omfang, innhald og tidshorisont. Sekretariatet i Ministerrådet peiker òg på at globaliseringsinitiativet stiller krav om evne til å agere fort og profesjonelt, samle dei nordiske landa om nye initiativ, frigjere budsjettmidlar til gjennomføring av initiativa og arbeide tverrsektorelt.

#### *Energipolitisk samarbeid*

Den nordiske energihandlingsplanen som dei nordiske energiministrane slutta seg til i 2005, er no midt i ein gjennomføringsfase. Gjennom ministererklæringane frå Bodø-møtet i 2006 og Helsingfors i 2007 er det nordiske energisamarbeidet vidareført på prioriterte satsingsområde. Globaliseringsinitiativet har gitt ein ny impuls til det nordiske energisamarbeidet. Spørsmål under den nordiske energihandlingsplanen er relevante for dette initiativet. Det er sentralt for det nordiske energisamarbeidet å vere aktiv i samband med utforminga av energipolitikken i Europa innanfor ramma av EU/EØS.

I den finske formannskapsperioden i 2007 vart det arbeidd vidare etter det nordiske handlingsprogrammet for energisamarbeid som gjeld for perioden 2006–2009. Det er lagt vekt på at det nordiske energisamarbeidet må verte ein sterk og aktiv deltakar i utforminga av energipolitikken i Norden og Europa ved å konsentrere seg om desse kjerneområda:

- energimarknader
- berekraftige energisystem
- norden i det internasjonale energisamarbeidet.

Med tanke på dei energipolitiske rammene som vert utvikla i EU/EØS, er det behov for eit nordisk samarbeid i alle fasar av utforminga av politikk og regelverk. Ei prioritering av det nordiske elektrisitetssamarbeidet vert rekna som spesielt viktig. Dette vart stadfest under møtet mellom dei nor-

diske energiministrane i Helsingfors i september 2007.

Det går føre seg eit omfattande *elmarknadssamarbeid mellom dei nordiske landa*. Olje- og energidepartementet er involvert i dette samarbeidet gjennom grupper under Nordisk Ministerråd. Vidare har regulatorane (NordReg) og sentralnett-selskapa (Nordel) eit omfattande samarbeid. Utøver dette samarbeider konkurransetilsyna i Norden om spørsmål i tilknyting til elektrisitetsmarknaden.

Det nordiske samarbeidet på kraftområdet har resultert i auka forsyningstryggleik, betre utnytting av dei samla nordiske kraftressursane, auka investeringar i overføringssamband mellom landa og auka transparens i marknaden. Det går òg føre seg eit arbeid i retning av ein felles nordisk slutt-brukarmarknad. Dette er viktige steg på vegen mot ein integrert nordisk kraftmarknad. I neste steg vert det viktig å kunne einast om felles nordiske prinsipp for flaskehals handtering, då dette av mange vert oppfatta som det største hinderet for vidareutvikling i den nordiske kraftmarknaden.

På ministermøtet i Helsingfors i 2007 var dei nordiske energiministrane samde om at auka nett-investeringar og ytterlegare harmonisering av regelverk i den nordiske kraftmarknaden skulle prioriterast for å fremje grenseoverskridande handel i Norden.

*Energidimensjonen ved klimapolitikken* har lenge vore eit viktig tema for Nordisk Ministerråd, og grunnlaget har vore eit vellykka samarbeid mellom energi- og miljøsektoren med det formål å utnytte synergien som ligg i samspelet mellom globale klimapolitiske utfordringar og energipolitiske utfordringar. Samarbeidet er mellom anna vorte utvikla gjennom den tverrsektorelle klimagruppa.

Det har vore arbeidd med politikkrelevante klimaspørsmål med fokus på korleis dei nordiske landa samarbeider om og medverkar til å fremje prosessane i tilknyting til FNs klimakonvensjon, Kyotoprotokollen og klimaarbeidet etter 2012 (post-Kyoto).

Dette er gjort gjennom analysar av korleis det interne EU-systemet for kvotehandel med aktørar utanfor EU kan forbetrast og utvidast, av erfaringar med bruken av klimamekanismane i Austersjøregionen og av dei energipolitiske føresetnadene for og konsekvensane av nye mål og krav til framtidige klimagassutslepp. Mellom anna er det teke omsyn til utviklings- og analysearbeidet i samband med klimaregimet etter 2012.

Det nordiske samarbeidet vert no tilpassa og organisert ut frå nye globale utfordringar med tanke på klimaregimet etter 2012. Energisamarbei-

det drøftar òg korleis ein kan styrkje og innrette samarbeidet i lys av det nordiske globaliseringsinitiativet.

Auka satsing på *fornybar energi og energieffektivisering* er ein del av det energipolitiske svaret på klimautfordringa. Dei nordiske landa har ei felles interesse av å sjå på korleis dei kan innrette verke-middelbruken og markere eit leiarskap på desse områda. Dette er viktig ettersom alle land vert påverka av politiske prosessar som går føre seg globalt og i Europa. Difor er utvikling av rammevil-kår for energieffektivisering og fornybar energi ei sak dei nordiske landa vier spesielt stor merksemrd i samband med direktiv og nye initiativ som vert utvikla i EU/EØS. Under den norske formannska-pen i 2006 vart det etablert nye arbeidsgrupper innan fornybar energi og energieffektivisering. Arbeidet heldt fram i 2007 og 2008 og har til mål å følgje prosessane på EU/EØS-nivå.

Dei nordiske energiministrane deltek i *Baltic Sea Region Energy Co-operation (BASREC)*, og underteikna i 2003 ein avtale om etablering av Austersjøregionen som forsøksområde for bruk av dei fleksible mekanismane etter Kyotoprotokollen. Som ei oppfølging av avtalen vart eit investerings-fond for fellesgjennomføringsprosjekt i regionen oppretta. Eit viktig mål er å stimulere til at felles-gjennomføringsprosjekt kan realisera i energisektoren i Austersjøområdet. Fondet vart positivt evaluert i 2007. Dei nordiske landa er pådrivarar i BASREC-samarbeidet. Eit nytt ministermøte innanfor ramma av BASREC finn stad hausten 2008 med støtte frå Nordisk Ministerråd.

Det er viktig å halde fram med det gode samar-beidet på energiområdet om felles utfordringar *innan EU/EØS-relaterte tema*. I 2007 og 2008 har det vore samarbeidd om forslaget til ein energimarknadspakke og forslaget til ein energi- og klimapakke som er til forhandling i EU. I lys av at Kommisjonen og EU-landa har starta ein ny diskusjon om energipolitikk, er det naturleg med auka fokus i dei nordiske landa på dei felles utfordrin-gane dette inneber. Etter at EU-institusjonane (Kommisjonen, Rådet og Parlamentet) i 2007 har intensivert drøftingane om energispørsmål og nye initiativ i energipolitikken, er det naturleg med ei tett oppfølging innan det nordiske energisamarbeidet. Dette vart tydeleg markert under energiministermøtet i Helsingfors i september 2007 og har vore følgd opp i Nordisk Ministerråd i 2008.

Det er etablert eit velfungerande *nordisk samarbeid om energiforskning*. Nordisk Energiforskning (NEF) er ein institusjon under Nordisk Minister-råd med sete i Oslo. Institusjonen har til formål å vidareføre og fremje det nordiske samarbeidet på

energiforskningsområdet ved å legge til rette for auka kompetanse, konkurranseevne og verdiskaping i energisektoren i Norden. NEF skal utfylle og styrke den fellesnordiske energiforskinga. Hovudoppgåver for NEF er å medverke til ein felles strategi for forsking og utvikling på dei delane av energiområdet som er av felles nordisk interesse, og å støtte og utvikle forsking og utvikling på sentrale energifaglege område. I strategien for 2007–2010 er det valt ut fem tematiske område:

- integrasjon av energimarknaden
- fornybare energikjelder
- energieffektivitet
- hydrogensamfunnet
- konsekvensar av klimaendringar på energiområdet.

NEF bruker ulike verkemiddel for å nå desse måla:

- økonomisk støtte til FoU og utvikling av kompetanse
- arenaer for etablering av forskarnettverk og informasjonsutveksling mellom forskarar, industri og styresmakter
- konkret oppfølging av forskingsprosjekt og initiativ
- kommunikasjon og spreiling av forskingsresultat.

Nordisk Energiforsking er samfinansiert av dei nordiske landa med ca. 29 millionar kroner årleg.

#### *Næringspolitisk samarbeid*

I det finske formannskapsåret 2007 har arbeidet med nedbygging av grensehinder for næringslivet, entreprenørskap og innovasjon og vidare arbeid med å utvikle Norden til ein grenselaus og konkurransekraftig region vore prioriterte saksområde, som det har vore tidlegare år. Det nordiske næringspolitiske samarbeidet vil i tida framover også vere sentrert om utfordringane og potensialet for næringslivet i Norden som er reflekterte i globaliseringssituasjonen frå dei nordiske statsministrane.

Målsetjinga er at Norden skal vere blant dei leiande regionane i verda når det gjeld konkurranseevne og økonomisk vekst. Satsinga på eit nordisk kunnskaps- og innovasjonsområde skal intensiverast ved mellom anna å koordinere nasjonale forskings- og utviklingsprogram saman med nasjonale innovasjonsprogram.

Ein framtdsretta næringspolitikk føreset auka fokus på entreprenørskap og innovasjon som avgjerande bidrag til auka verdiskaping for å sikre dei nordiske velferdssamfunna. Ikkje minst vart

det i 2006 fokusert endå sterkare på betydninga av brukarstyrt innovasjon og på den innverknaden marknaden og forbrukarane har på utforminga av innovasjonspolitikken.

Eit fleirtal av prosjekta vert gjennomførte i regi av Nordisk InnovasjonsCenter (NICe), som er den sentrale og implementerende institusjonen for det nordiske næringspolitiske samarbeidet, og den sittjande formannskapen har til kvar tid eit tett samarbeid med NICe.

#### *Regionalpolitikk*

Kjernen i det framtidige nordiske regionalpolitiske samarbeidet er å gå aktivt inn for å møte utfordringane i samband med globaliseringa gjennom nært samvirke mellom ulike vedtaksnivå og sektorar. Slik kan utviklingsgrunnlaget på lokalt, regionalt og nasjonalt nivå i Norden styrkjast på ein berekraftig måte.

Regionalpolitikken har til formål å utvikle den innovative krafta og det økonomiske vekstpotensiilet i heile det nordiske territoriet. Tre innsatsområde er sentrale: i) erfarsjonsutveksling og oppbygging av ny kunnskap, ii) globalisering og det grenseoverskridande samarbeidet, iii) ein tredjegenerasjons regionalpolitikk. Det er utarbeidd utkast til eit nytt regionalpolitisk samarbeidsprogram for perioden 2009–2012. Utkastet skal behandlast på ministermøtet i september. Hovudbodskapen i programmet er at det framleis vil verte lagt stor vekt på å sjå det nordiske samarbeidet i samanheng med det omfattande europeiske samarbeidet i regionalsektoren. Med dei utfordringane som ligg i globalisering, konkurranseevne og klimaspørsmål, vert behovet for samvirke og samordning mellom periferi og sentrum av ulik storleik stadig tydelegare. Det same gjeld behovet for å byggje ned grensehinder.

## **4.5 Fiskeri og fangst**

På det nordiske ministermøtet i Pori i juni 2007 drøfta ein ei rekke problemstillingar rundt forvaltinga av torsk i Austersjøen. *Fiskeriforvaltninga i dei nordiske landa* er svært ueinsarta og inneheld veldokumenterte erfaringar med ulike reguleringstypar over lang tid. Ministrane drøfta erfaringane med ulike tekniske reguleringar som bruk av lukka område, utkast og forbod mot utkast, regulering av fiskeinnsatsen med tillatne fiskedagar på havet og mange andre tiltak. Reguleringane er viktige komponentar i forvaltinga av torsk i Austersjøen og i fiskeriforvaltinga generelt. Det nordiske fiskerisamarbeidet skal arbeide aktivt for å

styrke dialogen mellom fiskarar, forskarar og forvaltarar i Norden og i EU.

Arbeidet med oppfølging av Svolvær-erklæringa frå 2006 om *kamp mot UUU-fiske (ulovleg, urapportert og uregulert fiske)* vert følgt med stor interesse. I FNs fiskeriresholusjon for 2007 vart FAO oppfordra til å setje i gang eit arbeid med ein bindande, global avtale om hamnestatskontroll for landing av fisk. I oppfølginga av dette har Noreg med støtte frå Nordisk Ministerråd finansiert ei uavhengig fagleg utgreiing som grunnlag for FAO-forhandlingane. I tillegg har Noreg og Nordisk Ministerråd i fellesskap finansiert tekniske konsulasjonar for utarbeiding av ein avtale om hamnestatskontroll i FAO-regi. Konsulasjonane vart haldne i Washington i september 2007. Det er teke sikt på at arbeidet skal føre fram til ein avtale som kan vedtakast av FAO-komiteen for fiskeri (COFI) i 2009. Fiskerisamarbeidet har òg engasjert seg i sporing og miljømerking som verkemiddel mot UUU-fiske. Gode og praktiske ordningar på dette området kan skape meir opne forhold rundt fangst og omsetning av fisk og såleis redusere omfanget av UUU-fiske. Nordisk samarbeid har medverka til at det er utvikla eit fagmiljø og ein fagleg debatt som på sikt kan gi nordisk fiskerinæring ein konkurransefordel.

Klimaspørsmål er no ei viktig sak i fiskerisamanheng, og den påtroppande svenske formannskapen førebudde ein konferanse om *klima og hav* i april 2008. Arrangementet vart gjennomført i samarbeid med EU og FAO. Foredraga fokuserte på korleis dei klimatiske endringane påverkar havmiljøet i Nord-Atlanteren, Nordsjøen, Barentshavet og Austersjøen, korleis dette kan påverke produksjonsgrunnen, utbreiinga og vandringa til dei store fiskebestandane, og kva samfunnsmessige og politiske konsekvensar endringane i fiskebestandane kan få for dei nordiske landa og EU-landa. Resultata frå konferansen vart rapporterte til ministerrådet for fiskeri, havbruk, jordbruk, næringsmiddel og skogbruk (MR-FJLS) i Växjö juni 2008, og vert ein del av grunnen for forslaget til eit felles nordisk forskingsprogram om klimaendringane og følgjene dei får for primærnæringane (sjå nedanfor). I tillegg er det etablert nordiske forskingsprosjekt på området som kan føre til at marine problemstillingar kjem på dagsordenen under klimatoppmøtet i København i 2009.

Ny teknologi og auka offentleg interesse for marin biodiversitet har ført til ein debatt om korleis *livet på havbotnen* vert påverka av fiske og annan næringsaktivitet. Fiskerisamarbeidet har gjennom ei rekke konferansar og prosjekt vore med og kasta lys over denne problemstillinga og kva verke-

middel av teknisk og legal art som kan vere tenlege for å *forvalte verdifulle areal på havbotnen i ein nordisk og europeisk (EU-) samanheng*. Kameraovervaking, bruk av geografiske informasjonssystem (GIS), innføring og bruk av marine verneområde (MPA) og gjennomføring av marindirektivet frå EU er eksempel på prosjekt innanfor dette temaområdet.

Som oppfølging av erklæringa om sel i Austersjøen som dei nordiske og baltiske ministrane vedtok i november 2006, inviterte Finland til ein konferanse om *forvaltning av sel* i Austersjøen og Nord-Atlanteren i Vasa i oktober 2007, «Selar og samfunn – forvaltning av ressursar og gjensidig påverknad i Austersjøen og Nord-Atlanteren». Formålet med konferansen var å fremje ein dialog om forvaltning av sel og utvikling av ein marknad for selprodukt samtidig som ein tek høgd for regionale forskjellar og ulike haldninger til selfangst. Den tverrfaglege konferansen vart arrangert i samarbeid med NAM-MCO (North Atlantic Marine Mammal Commission) og vart ei internasjonal storhending. Deltakrar var forskarar og forvaltarar frå landa rundt Nord-Atlanteren og Europakommisjonen, representantar for fiskarar og frivillige organisasjonar og andre interesserte. Dei utveksla erfaringar og diskuterte strategiar for berekraftig forvaltning av selbestandar og samhandling mellom selar og samfunn innanfor ei økosystembasert tilnærming.

Konferansen vart halden mens Europakommisjonen vurderte eit forslag frå Europaparlamentet om å innføre forbod mot handel med selprodukt. For norsk selfangst er det nyttig at fleire land engasjerer seg aktivt i arbeidet med å forsvare berekraftig bruk av tilgjengelege marine ressursar. I ei erklæring om «Selen og samfunnet» oppmoda MR-FJLS i Växjö Europakommisjonen og andre til å arbeide for ein balanse mellom vern og utnytting av selstammane i Austersjøen og Nord-Atlanteren som tek omsyn til ulike interesser.

## 4.6 Jord- og skogbruk

Globaliseringsinitiativet vil i hovudsak verte følgt opp på to måtar i ministerrådet for fiskeri, havbruk, jordbruk, næringsmiddel og skogbruk (MR-FJLS).

- Saman med den nye NMR-strategien for berekraft ligg globaliseringsinitiativet til grunn for det nye handlingsprogrammet for perioden 2009–2012. Slik skal aktuelle oppgåver og utfordringar i samband med globaliseringsinitiativet kunne prioritert generelt og i dei årlege formannskapsprogramma.

- Eit prosjekt om korleis primærnæringane kan verte påverka av klimaendringane, skal ta utgangspunkt i nasjonale prioriteringar og nasjonale styrkeposisjonar og skal medverke til å styrkje og effektivisere den samla nordiske forskinga på området i tråd med føringar frå statsministrane. Programplanen skal vere ferdig utarbeidd i 2008, og prosjektet skal strekkje seg til 2012 med sikte på vidare drøfting og nordisk anbefaling det året.

Det er utarbeidd eit rammeprogram for perioden 2009–2013. Det skal supplerast av formannskapsprogrammet for kvart år slik at dei til saman dannar handlingsprogram for 2009–2013. Dei årlege formannskapsprogramma skal vere med på å oppdatere handlingsplanen. Rammeprogrammet vart vedteke på ministermøtet i Växjö juni 2006. Dei seks satsingsområda i rammeplanen er å

- bidra til utviklinga av konkurransekraftig produksjon
- bidra til å forbetre føresetnadene for dei nordiske landa i møte med klimaforandringa og utfordingane med denne
- sikre kommande generasjonar genetisk mangfald
- støtte ei berekraftig utvikling av kyst- og innlandsbygdene i Norden og kulturen deira
- vidareutvikle den nordiske velferdsmodellen med vekt på god folke- og dyrehelse og høg dyrevelferd
- bidra til at felles nordiske vurderingar får gjennomslag i internasjonale prosessar og forum.

Klimaendringane og konsekvensane for primærnæringane i Norden var eit gjennomgangstema på sommarmøtet til ministrane i Växjö i juni 2008. Ministerrådet sette søkjelyset på biologiske og næringmessige sider ved klimaendringane, mellom anna følgjene for primærnæringane og matproduksjonen, og på korleis klimagassutsleppa kan avgrensast. Dette vil medføre auka nordisk innsats i forskings- og innovasjonsarbeidet om klima, energi og miljø.

Ministrane la vekt på å styrkje grunnlaget for framtidige politiske avgjerder i samband med aktuelle regulerings- og forvaltningstiltak.

*Nordisk genressurssenter (NordGen)* vart etablert 1. januar 2008. Det nordiske genressurssamarbeidet, som tidlegare omfatta Nordisk genbank for planter, Nordisk genbank for husdyr og Nordisk skogbruks frø- og planteråd, vart frå denne datoен samordna i Nordisk genressurssenter. Organisasjonen arbeider for å sikre og utnytte det genetiske mangfaldet hos husdyr, vekstar og tre i

dei nordiske landa. God tilgang til genetiske ressursar er ein føresetnad for berekraftig produksjon i landbruket og for å kunne tilpasse produksjonen til eksisterande og endra klimaforhold og andre behov. Bevaring av variasjon innan genetiske ressursar er ein føresetnad for at kommande generasjonar skal kunne utnytte plante- og dyremangfaldet i pakt med nye og endra behov, og for utvikling av meir miljøvennlege produksjonsmåtar. NordGen skal arbeide for berekraftig bruk og bevaring av genetiske ressursar hos husdyr og i skog- og plantemateriale, i nært samarbeid med dei nasjonale programma i Norden og med vekt på informasjon og kunnskapsbygging.

Det nye frølageret på Svalbard (*Svalbard Global Seed Vault*) vart opna av statsminister Jens Stoltenberg 28. februar 2008, og både verdsprese og faginstitusjonar var godt representerte. Frøkvelvet har alt vist seg som ein stor suksess. Ved opninga hadde det fått inn om lag 268 000 frøaksjonar frå 20 forskingsinstitusjonar, og det er bestilt innskot for fire-fem år framover. I frøkvelvet kan det oppbevarast duplikatorar av frøsamlings i genbankar slik at tilsvarande frø kan hentast ut dersom katastrofar, ulykker eller anna fører til at ordinære samlingar går tapt. Frølageret på Svalbard er eit sentralt og viktig bidrag til å sikre det biologiske mangfaldet i landbruket. Spesielt viktig vert det for utviklingslanda, og FAO og den internasjonale traktaten for plantegenetiske ressursar ser med stor interesse på tiltaket.

Det er oppretta eit internasjonalt råd for frøkvelvet. NordGen har ansvaret for drifta gjennom ein eigen avtale mellom Landbruks- og matdepartementet, Global Crop Diversity Trust og NordGen.

Det treårige programmet «*Ny nordisk mat 2007–2009*» er vorte svært populært i dei nordiske landa. Det skaper rom for utvikling av lokal og regional mat og matkultur, for regional utvikling og verdiskaping og for profilering av nordisk mat og matkultur både nasjonalt og internasjonalt. Det er etablert ei eiga nordisk styringsgruppe med norsk leiing.

Den fellesnordiske satsinga på programmet er på 22,6 millionar kroner over ein treårsperiode. Nordisk Innovasjonssenter yter rundt 10 millionar kroner retta mot innovasjonsaktivitetar. Som følgje av den tverrfaglege strukturen har programmet deltaking frå fleire sektorar i NMR.

*Bioenergi* har fått stor merksemd i nordisk samanheng dei siste åra. Det har resultert i to ministererklæringer der det var semje om ei felles satsing for å auke kunnskapen om bruk av biologisk materiale til energiformål. Det vert arbeidd

med eit oppfølgingsprosjekt i samarbeid med energisektoren.

Bioenergi vart drøfta på ministermøtet i Bjørneborg. Det var semje om at Norden har svært stort potensial for auka bruk av bioenergi, og at det er rasjonelt med eit nordisk samarbeid om kognoskapsutvikling, mellom anna om betre rammevilkår. Auka bruk av bioenergi må sjåast i nær samanheng med klimaproblematikken og behovet for å redusere utsleppa av CO<sub>2</sub>, som er ei av vår tids største utfordringar. Ministrane understreka at det er viktig at MR-FJLS vert involvert i globaliseringars arbeidet om klima og energi som NMR driv.

## 4.7 Økonomi- og finanspolitikk

Hovudmåla med nordisk samarbeid på det økonomiske og finansielle området er høg og berekraftig vekst i produksjon og sysselsetjing, låg arbeidsløyse og låg og stabil prisstiging. Vidare skal samarbeidet fremje nordiske interesser internasjonalt. EU-saker har høg prioritert. Samarbeid og informasjonsutveksling om skattespørsmål er òg eit fast innslag på finansministermøta.

I åra framover kjem ei aldrande befolkning til å leggje auka press på dei offentlege finansane. For å møte denne demografiske utfordringa legg alle dei nordiske landa stor vekt på høg yrkesdeltaking og ei styrking av statens formuesposisjon. Dette speglar seg att i ein aktiv arbeidsmarknads- og sysselsetningspolitikk, pensjonsreformer og målsetjingar om løpende budsjettoverskot i offentleg sektor.

Dei nordiske finansministrane har vedteke å starte eit nytt nordisk økonomisk tidsskrift. «Nordic Policy Review» skal ta opp økonomisk-politiske spørsmål i eit nordisk perspektiv og fremje diskusjonen om slike spørsmål i dei nordiske landa.

For å motverke skatteflukt vedtok dei nordiske finansministrane i 2006 å samarbeide om å inngå avtalar med skatteparadis om informasjonsutveksling. I oktober 2007 vart den første avtalen undertekna med Isle of Man. Avtalen vart godkjend av Stortinget 29. april og trer i kraft med det første. Avtalar med Jersey og Guernsey skal etter planen underteiknast i samband med det nordiske finansministermøtet i oktober i 2008.

Hausten 2007 førte dei nordiske finansministrane ein diskusjon om klimaspørsmål, mellom anna på bakgrunn av FNs klimakonferanse på Bali i desember same året. Det er semje om at dei nordiske finansministrane har ei viktig oppgåve på dette området og skal samarbeide nærmare, mellom anna om førebuingane til klimakonferansen i København i 2009.

Det nordiske samarbeidet på miljøøkonomiområdet går føre seg i ei nordisk kontaktgruppe. Dette er ei felles arbeidsgruppe under EK-Miljø og EK-Finans. Gruppa er eit forum for faglege diskusjonar og gir dei nordiske landa høve til å samordne førebuingar til internasjonale møte, spesielt møte i EU-gruppa for miljøøkonomi (ENVECO). Gruppa har avslutta fleire prosjekt i 2007 og har andre under planlegging og oppstart.

På møtet hausten 2007 diskuterte dei nordiske finansministrane spørsmål i tilknyting til energiforbruk og energiprisar. Det vart utarbeidd ein rapport til møtet som landa skal ta omsyn til i drøftingane om bruk av økonomiske instrument i energipolitikken.

Hausten 2007 vart det arrangert eit seminar i Oslo om effektivisering av offentleg verksemrd. Under seminaret utveksla tenestemenn frå dei nordiske landa erfaringar på området. Tilsvarande seminar skal haldast seinare. Sluttrapporten frå prosjektet «Gender budgeting» vart lagd fram i 2007. Dette er eit treårig nordisk samarbeidsprosjekt der representantar for likestillingsstyresmakten og finansdepartementa har delteke. Prosjektet har medverka til at kjønns- og likestillingsperspektivet er vorte integrert i dei statlege budsjettprosessane i heile Norden, og det er lagt til rette for utveksling av erfaringar om utviklings- og metodearbeit på området.

*Den nordiske investeringsbanken (NiB)* har til oppgåve å yte investeringsslån og stille garantiar på bankmessige vilkår i samsvar med samfunnsøkonomiske omsyn til prosjekt som er av interesse for medlemslanda og andre land som får slike lån. Låneaktivitetane omfattar mellom anna investeringsslån til verksemder i to eller fleire medlemsland, finansiering av miljø- og infrastrukturinvesteringar, lån til regionalpolitiske kredittinstitusjonar, ordinære investeringsslån utanfor Norden, prosjektinvesteringsslån til kredittdverdige utviklingsland og land i Sentral- og Aust-Europa. Banken er eigd av dei baltiske landa.

Banken hadde eit overskot på 69 millionar euro, eller 552 millionar kroner, i rekneskapsåret 2007, mot 137 millionar euro i 2006. Reduksjonen har samanheng med auka internasjonale renter og fall i marknadsverdien på handelsporteføljen i banken. I 2008 er motverdien av 25 millionar euro utbetalt til eigarane av overskotet for rekneskapsåret 2007. Dette er ei halvering frå året før. Den norske delen av overskotet er på 4,6 millionar euro, eller om lag 37 millionar kroner.

Samla utlån og garantiar frå NIB ved utgangen av 2006 var på 12,3 milliardar euro, eller om lag 98 milliardar kroner. Uteståande lån og garantiar til

medlemslanda var på knapt 10 milliardar euro, eller om lag 80 milliardar kroner. I Noreg vart det inngått låneavtalar på til saman 294 millionar euro i 2007. Ved utgangen av året var samla utlån frå NIB i Noreg på 1,6 milliardar euro, eller 13 % av samla utlån i banken.

Banken har formelt samarbeid med 38 land utanfor Norden og i Baltikum. Lån til desse landa utgjer ein aukande del av verksemda i NIB og utgjorde 17 % av samla utlån og garantiar ved utgangen av 2007. NIB deltek òg i miljøfinansiering. NIB har rekna ut at 39 % av alle prosjekt som NIB har finansiert, har positiv miljøeffekt.

## 4.8 Sosial- og helsepolitikk

Det er store utfordringar knytte til den nordiske velferdsmodellen. Ikkje minst vil den demografiske utviklinga med ei aldrande befolkning få stor innverknad på behovet for spesialisthelsetenester og kommunale helse- og omsorgstenester. Den yrkesaktive delen av befolkninga går ned etter kvart som det vert fleire eldre. Dei nordiske landa står òg overfor felles utfordringar når det gjeld å hindre utstøyting frå arbeidslivet. Omsorgsoppgåvane aukar samtidig som det er underkapasitet på kvalifisert personell. Globaliseringa har ført til meir mobil arbeidskraft. Mange utviklingsland opplever ein kritisk mangel på helsepersonell. Dette er utfordringar som også dei nordiske landa må vere klar over. Det går fram av st.prp. nr. 1 (2006–2007) at det er ei klar målsetjing for denne regjeringa at Noreg skal avstå frå aktiv og systematisk rekruttering av helsepersonell frå utviklingsland.

Klimaendringar er eit aspekt ved globaliseringa som stiller helsesektoren i heile Norden overfor store utfordringar. Desse omfattar sjølv sagt nye truslar mot folkehelsa, til dømes faren for større utbreiing av smittsame sjukdommar, samtidig som det må etablerast ein best mogeleg helseberedskap for handtering av skred, flaumar og andre naturkatastrofar. Ei anna viktig utfordring er korleis vi kan tilpasse helsesektoren til ein meir klimavennleg produksjon, mellom anna gjennom redusert energiforbruk. Dei politiske satsingane i det nordiske samarbeidet fremjar forsking, innovasjon, klima, energi og miljø. Det er mellom anna foreslått eit nordisk toppforskningsprogram som skal ha fokus på klima, energi og miljø, med helse og velferd som neste steg. Ministerrådet for sosial- og helsepolitikk vil ha eit sterkt fokus på desse satsingane. På norsk side er vi opptekne av å setje sokjelys på både fordelar og utfordringar ved den

nordiske velferdsmodellen, mellom anna korleis vi kan sikre at menneske i utkanten av arbeidsmarknaden kan inkluderast.

Som eit ledd i moderniseringa av Nordisk Ministerråd vedtok dei nordiske sosial- og helseministrane i juni 2008 *den framtidige institusjonsstrukturen*. Endeleg vedtak vert gjort av samarbeidsministrane hausten 2008, og ny institusjonsstruktur skal tre i kraft 1. januar 2009. Vedtaket inneber at det vert etablert ein ny institusjon på det sosiale området med styre i Stockholm, der Nordisk samarbeidsorgan for handikapspørsmål, Nordisk utviklingssenter for hjelpemiddel og Nordisk utdanningssenter for utvikling av sosial service inngår. Nordisk senter for alkohol- og narkotikaforskning og Nordisk utdanningssenter for døvblinde vert omdanna til dotterinstitusjonar under den nye institusjonen. Den nordisk høgskulen for folkehelsevitenskap i Göteborg består som institusjon på helseområdet. Helse- og omsorgsdepartementet har i samarbeid med sekretariatet i Nordisk Ministerråd til vurdering ei organisatorisk tilknyting av Nordisk institutt for odontologiske materialer (NIOM) som samarbeidsorgan med vertsinstitusjon i Noreg. Dette vil verte avklart ut på seinsomsmaren.

Det er viktig å sikre at reguleringa av *internordiske trygdespørsmål* ikkje kjem i konflikt med EU/EØS-reglane om koordinering av trygderettar. Ei arbeidsgruppe oppretta i april 2008 ser på nødvendige endringar i samband med ei ny EF-forordning som etter planen kjem i 2010.

Europarådet og Nordisk Ministerråd har starta eit samarbeid der målet er å betre situasjonen for *personar med nedsett funksjonsevne* i nordområda. Det vert arbeidd med oppfølging av ein handlingsplan. Våren 2008 vart det sett i gang ei kartlegging i dei nordiske landa av arbeidet med innovasjon og teknologisk utvikling på hjelpemiddelområdet. Resultata frå kartlegginga skal oppsummerast i ein rapport med konkrete tilrådingar innan utgangen av 2008.

Dei nye alkoholpolitiske utviklingstrekka i EU- og WHO-samarbeidet aktualiserer eit vidare nordisk samarbeid på *alkoholområdet*. Det er òg utvikla eit samarbeid mellom dei nordiske landa og NMR/NAD om alkoholrelaterte problem overfor partnarskapet for helse og livskvalitet under Den nordlege dimensjon. Dette gir god anledning til fagleg kontakt og samarbeid med dei nye EU-medlemslanda i Austersjøområdet, i tillegg til samarbeidet med Russland. Nordisk senter for alkohol- og narkotikaforskning (NAD) utarbeider den årlege statusrapporten om alkohol som vert lagd fram for sosial- og helseministrane.

Noreg deltek i ekspertgruppa om alkohol under partnarskapet for helse og livskvalitet under Den nordlege dimensjon.

Det uformelle nordiske samarbeidet om *narkotikasørsmål* på embetsnivå vert vidareført i 2008 av den svenske formannskapen, som har invitert til eit møte i september. Nordiske førebuingar til FNs høgnivåmøte om narkotika i Wien i mars 2009 vil stå sentralt.

Dei nordiske styresmaktene har dei seinare åra halde møte der ein har diskutert og utveksla erfaringar på området *legemiddel*. På møtet i mai 2008 vart det vedteke å lage ei prøveordning med felles kunnskapsoppsummeringar. Det neste styresmøtet skal haldast i Noreg hausten 2009.

Dei nordiske landa har lang tradisjon for samarbeid om *helseberedskap*. *Nordisk helseberedskapsavtale* (2003) dannar den formelle ramma.

Som ledd i oppfølginga av st.meld. nr. 37 (2004–2005) om flodbølgjekatastrofen i Sør-Asia og avgjerala til utanriksministrane i 2005 om å styrke samarbeidet mellom dei nordiske landa ved kriser og katastrofar i utlandet, har ei arbeidsgruppe tilrådd eit formalisert samarbeid på områda koordinering av førebyggjande tiltak, varslingsrutinar, gjennomføring av redningsarbeid, etikk, rapportering, evaluering, kommunikasjon, informasjonsutveksling og internasjonal samarbeid.

Det vert difor arbeidd vidare med ei handbok for styrking av rutinar og prosedyrar for nordisk samarbeid ved kriser og katastrofar i utlandet. Frå norsk side ser vi på dette som eit svært viktig arbeidsområde.

Dei nordiske sosial- og helseministrane vart i januar 2008 samde om eit tettare *samarbeid om spørsmål som gjeld den nasjonale beredskapen mot spreying av pandemisk influensa*.

Felles nordisk produksjon av influensavaksine er i dag ikkje aktuelt, då det i dag knyter seg for stor uvisse til dei teknologiske føresetnadene for eigen vaksineproduksjon. Spørsmålet om ein felles nordisk vaksineproduksjon vil eventuelt verte teke opp til ny vurdering når den teknologiske utviklinga på feltet har komme lenger.

Gjennom deltaking i den nordiske embetsmannskomiteen for helse- og sosialsaker og ministerrådet for sosial og helsepolitikk vil Barne- og likestillingsdepartementet bidra til at *barneperspektivet* vert vareteke i det nordiske samarbeidsprogrammet på dette området.

## 4.9 Arbeidsmarknad og arbeidsmiljø

Globaliseringa fører til endringar på godt og vondt også i arbeidslivet. Den nasjonale, nordiske og europeiske arbeidsmarknaden er prega av auka migrasjon av arbeidstakrar og tenester, også frå tredjeland. Det skaper meir effektive, men òg meir konkurransesettete arbeidsmarknader. Med ein meir internasjonal arbeidsmarknad må dei nordiske landa sørke å sikre tilgangen på kompetent og tilstrekkeleg arbeidskraft. Det skjer i første rekke gjennom å utnytte innanlandske arbeidskraft betre, men òg gjennom rekruttering av arbeidskraft frå utlandet.

Innanfor ramma av ministerrådet for arbeidsliv har dei nordiske landa i mange år samarbeidd aktivt om korleis arbeidsmarknads- og arbeidsmiljøpolitikken kan innrettast for å møte dei strukturelle endringane i arbeidslivet. Dermed er kjernen i arbeidsmarknadspolitikken og i arbeidsmiljøpolitikken, og samarbeidet rundt det, høgst relevant for globaliseringssituasjonen.

Ei rekke prosjekt er gjennomførte på området. Ei større utgreiing om EU-utvidinga og den påfølgjande arbeidsinnvandringa har kasta lys over verknadene på arbeidslivet i dei nordiske landa og dei store avsendarlanda i Baltikum og Polen. Det har vore fokusert på konsekvensane for arbeidsmiljøet, arbeidsvilkåra og lønnsdanninga. Arbeidsministrane har fleire gonger drøfta felles utfordringar med utgangspunkt i problemstillingar som prosjektet har teke opp. Ei anna utgreiing har sett på internasjonaliseringa av dei nordiske arbeidsmarknadene og kva konsekvensar ho kan få for arbeidskrafteterspørsele.

Utfordringane ved globaliseringa kjem til å stå sentralt også i det kommande samarbeidsprogrammet på arbeidslivsområdet. Det kan vere spørsmål om samarbeid om rekruttering av utanlandske arbeidskraft og migrasjon, eller det kan gjelde utfordringar for det nordiske arbeidslivet og avtale-systemet som følge av fri flyt av arbeidskraft og tenester. Andre spørsmål kan vere kva globaliseringa får å seie for morgondagens arbeidskraft, for kvalifikasjonsbehova i Norden og for den sosiale dimensjonen i form av arbeidstakarrettar og arbeidsmiljø i ein global økonomi. Prosjektomfanget vert avhengig av dei årlege budsjetta i sektoren.

Ministerrådet for arbeidsliv har samanfatta kjerneoppgåvene for samarbeidet på arbeidslivsområdet slik:

- Arbeid for å fremje ein velfungerande arbeidsmarknad i Norden, mellom anna ved å bidra til

å sikre tilstrekkeleg tilgang på velkvalifisert arbeidskraft

- Arbeid for å bryte ned og motverke grensehinder for arbeidskraft i Norden og møte utfordringane globaliseringa stiller den nordiske arbeidsmarknaden overfor
- Arbeid for å fremje eit sikkert og sunt arbeidsmiljø, motverke diskriminering og sosial dumping på arbeidsmarknaden og styrke velferd og produktivitet i arbeidsliv og samfunn i Norden
- Arbeid for å sikre gjensidig informasjon og informasjonsspreiing om arbeidslivspolitikken i dei nordiske landa, mellom anna om konkrete tiltak og organiseringa av dei
- Støtte til nordiske prosjekt som har sterkt tilknyting til aktuelle utfordringar på den nordiske arbeidsmarknaden
- Utveksling av nordiske haldningar og interesser i samband med internasjonalt retta aktivitetar på arbeidslivsområdet, mellom anna gjennom samarbeid for å koordinere nordiske synspunkt i internasjonale forum der det lèt seg gjere.

Eit nytt samarbeidsprogram skal utarbeidast for perioden 2009–2012. Det tek utgangspunkt i endringane dei nordiske landa står overfor som følgje av globalisering, demografisk utvikling og klimaendringar.

#### 4.10 Ernæring og mattryggleik

Ministerrådet for fiskeri, havbruk, jordbruk, næringsmiddel og skogbruk (MR-FJLS) og ministerrådet for sosial- og helsepolitikk (MR-S) vedtok i juli 2006 ein nordisk handlingsplan for betre helse og livskvalitet gjennom mat og fysisk aktivitet. Med utgangspunkt i handlingsplanen er det mellom anna etablert eit nordisk nettverk for fysisk aktivitet, mat og helse i regi av Helsedirektoratet, Statens folkhälsoinstitut og Sundhedsstyrelsen.

Som ei oppfølging av handlingsplanen var eitt av temaata på sommarmøtet i MR-FJLS i 2007 ei erklæring om marknadsføring av mat for barn og ungdom. Formålet er å komme fram til felles, frivillige etiske reglar for å avgrense marknadsføringa av usunne næringsmiddel til barn og unge, noko som må sjåast i samanheng med arbeidet som går føre seg i WHO på området.

Noreg, Sverige og Danmark er samde om å bruke Nøkkelholet som felles, frivillig merkeordning. Det vert arbeidd med felles kriterium for

bruk av ordninga, og det er planlagt ei felles høyring om dei sommaren 2008.

Det felles veterinære beredskapssamarbeidet i Norden har hatt høg prioritet sidan strategiplanen vart vedteken i 2006. Målsetjinga er å styrke førebuingane i dei nordiske og baltiske landa på dyrehelseområdet, mellom anna i forma av felles strategiar mot sjukdommar, felles opplæring og felles bruk av ressursar og utstyr. Prinsippa for ein avtale som skal sikre felles rammevilkår ved rekvirering av personell frå dei andre nordiske og baltiske landa under kriser på dyrehelseområdet, er utvikla, og ei felles nordisk-baltisk beredskapsøving på Bluetongue vart halden i mai 2008.

Eit nordisk pilotprosjekt om risikobasert kjøtkontroll basert på hygiene- og kontrollregelverket i EU er under utvikling. Dette er ei oppfølging av eit treårig prosjekt om risikobasert kjøtkontroll i ein nordisk kontekst som vart avslutta i 2006. Målet med pilotprosjektet er å skaffe dokumentasjon som på sikt kan medverke til ei omlegging av kjøtkontrollen i EU slik at han vert meir kostnads effektiv.

På møtet i MR-FJLS sommaren 2008 vart det vedteke ein resolusjon om *dyrevern og matvarekvalitet*. Målet er å fremje dyrevelferd som eit viktig tema i det nordiske samarbeidet, og resolusjonen vert retningsgivande for prioriteringane i det vidare arbeidet.

I det nordiske klimasamarbeidet vert beredskap mot nye plante- og dyresjukdommar ei viktig utfordring dei neste åra.

#### 4.11 Likestilling

Under den finske formannskapen i 2007 og den svenske formannskapen i 2008 er intensjonane i det femårige samarbeidsprogrammet for perioden 2006–2010, «Med fokus på kjønn er målet eit likestilt samfunn», følgde opp.

Ministerrådet for likestilling (MR-Jäm) vedtok i 2007 kjerneoppgåvene for ministerrådet. Vedtaket lettar prioriteringa av innhaldet i det nordiske likestillingspolitiske samarbeidet i framtida, mellom anna sett i lys av erklæringa frå dei nordiske statsministrane i Punkaharju i 2007 og riksgrense deklarasjonen av 2008 om globalisering. Det opnar òg for eit vidare nordisk-baltisk samarbeid (NB8) og samarbeid på internasjonale arenaer i Europa og FN.

Ministerrådet for likestilling vedtok dessutan at Nordisk institutt for kvinne- og kjønnsforsking (NIKK) held fram som nordisk institusjon ut ein ny kontraktsperiode til 2010. Samtidig endra NIKK

namn til Nordisk institutt for kunnskap om kjønn. Ei ny vurdering av statusen til NIKK skal ta til i 2008 og avsluttast i 2009. Grunnlaget for ei eventuell ny organisering vil dermed ligge føre i god tid før den inneverande kontraktsperioden går ut og vedtak om eit nytt samarbeidsprogram skal gje rast.

## 4.12 Justisektoren

*Det nordiske lovsamarbeidet* har på grunnlag av Helsingforsavtalen av 1962 til mål å skape mest mogeleg einsarta lovging i dei nordiske landa. Det nordiske samarbeidet vert drive fram gjennom kontinuerleg innsats for å utveksle informasjon og erfaringar om lovgivingsarbeid og å tilpasse og revidere lovgivinga med siktet på størst mogeleg samanfall.

Samarbeidet går føre seg i ulike forum: i formelle og uformelle *møte på ministernivå* (mellan anna inviterte den norske justisministeren dei nordiske kollegane sine til eit møte i Oslo i desember 2007 der dei diskuterte erfaringar frå arbeidet og tiltak mot internettrelaterte overgrep mot barn), i *den nordiske embetsmannskomiteen for lovsamarbeid*, i *ekspertgrupper* som møtest fast (til dømes på områda strafferett, familierett, sjørett og selskapsrett), i *adhocgrupper* med spesielle oppgåver (til dømes er det nyleg nedsett ei nordisk arbeidsgruppe som skal vurdere behovet og utsiktene for eit utvida politisamarbeid med samtenestegjering mellom dei nordiske landa) og *direkte mellom saksbehandlarane* hos styresmaktene i dei ulike nordiske landa. Samarbeidet er i stor grad uformelt og tilpassar seg behova som gjer seg gjeldande til kvar tid. Frå tid til anna vert det halde *nordiske seminar* som tek initiativ til eller evaluerer lovtak (mellan anna var det nordiske seminaret i 2006 om «grooming» eit godt bidrag til dei nasjonale lov-givingsprosessane). Elles vert det gjennomført *etterkontroll og evaluering av lovging* på område der rettsfellesskapet i Norden har vore stort, men der det med tida kan ha oppstått lovgivingsforskellar mellom landa som ikkje er like nødvendige eller eigna i eit større nordisk perspektiv. Den omfat-tande studien av familie- og arvelovgivinga i Norden er eit eksempel på eit arbeid som kan komme til nytte både på nasjonalt og nordisk plan. Det nordiske arbeidet har i stor grad *funne ei ny form som følgje av den tilknytinga landa har til EU og EØS*. Eit eksempel på det er lovginga om aksjeselskap, som tidlegare er vorte til gjennom nordisk samar-beid, men som no i stor grad er regulert av EF-direktiv. Den nordiske arbeidsgruppa for selskaps-

rett møtest årleg eller oftare for å diskutere gjennomføringa av EU-rettsakter innanfor selskapsretten.

Det nordiske *politisamarbeidet* er eit velfun-gerande og ubyråkratisk samarbeid. Samarbeidet er forankra i avtalar og enkelte uniforme lover. Sentralt står politisamarbeidsavtalen frå 2002, som bygger på avtalen frå 1972. Samarbeidet er karakterisert ved at ei lokal politimakt i stor grad kan samarbeide direkte med lokal politimakt i eit anna nordisk land, og det er regelmessig regional kontakt over grensene. Politiet deltek i ei rekke ulike nordiske samarbeidsforum, mellom anna er det oppretta ei nordisk gruppe for vitnevern som samarbeider om felles retningslinjer og konkrete fellestiltak i saker som gjeld vern av vitne. Politi og toll i Norden (PTN) er eit samarbeid med utstasjonering av sambandsmenn ulike stader i verda. På oppmoding hjelper sambandsmennene styresmaktene både i vertslandet og dei nordiske landa med å førebyggje og slå ned på kriminalitet. Som eit viktig verkemiddel for å utvikle samarbeidet er det etablert faste årlege møte mellom rikspolisjefane i dei nordiske landa.

Det er etablert eit nordisk samarbeid om forsking innan kriminalitetsførebygging. *Nordisk samarbeidsråd for kriminologi* har til formål å fremje kriminologisk forsking i medlemslanda. I tillegg fungerer rådet som eit kontaktorgan mellom kriminologisk forsking og den praktiske kriminalpolitikken i Norden. Oppgåvene til rådet er mellom anna å yte forskingsstøtte og støtte til utgiving av publikasjonen «Journal of Scandinavian Studies in Criminology and Crime Prevention». Oversikt over aktivitetane i rådet ligg på nettsida <http://www.nsfk.org/>.

*Dei nordiske riksadvokatane* har etablert eit til-svarande nettverk for samarbeid og utvikling på *påtaleområdet*. Ei arbeidsgruppe med representantar for justisdepartementa og påtalemaktene i dei nordiske landa utarbeider no forslag til ytterlegare tiltak for å styrkje samarbeidet. Regionalisering av samarbeidet til øg å omfatte andre austersjøland har ført til at måtar å motarbeide kriminalitet på er sett inn i eit vidare perspektiv, og har såleis utvida samarbeidsarenaen på dette området. Dette er ein opplagd og viktig tilleggsverdi til det veletablerte nordiske samarbeidet. Samarbeidet har dessutan medverka til utviklinga av felles standardar og metodar i kriminalitetsarbeidet i regionen.

*Det rettslege samarbeidet* mellom dei nordiske landa er regulert i ein avtale mellom Noreg, Danmark, Finland, Island og Sverige frå 26. april 1974. Med avtalen er det gjennomført ein forenkla framgangsmåte for å sende rettsoppmodingar mellom

dei nordiske landa. Derimot forpliktar ikkje avtalen i seg sjølv landa til å yte bistand. Slik plikt er mellom anna heimla i den europeiske konvensjonen om gjensidig hjelpe i straffesaker av 20. april 1959, som alle dei nordiske landa er tilslutta. Generelt fungerer det nordiske samarbeidet på området godt, med ei enklare og meir uformell samarbeidsform enn den vi har med andre land.

Også når det gjeld utlevering av lovbyratar er det eit tett samarbeid mellom dei nordiske landa. Utlevering av lovbyratar mellom dei nordiske landa er i dag regulert av felles nordisk lovgiving. Dei nordiske statane underteknna 15. desember 2005 ein *konvensjon om nordisk arrestordre*, som inneber at gjeldande fellesnordisk utleveringsordning vert avløyst av eit nytt og meir effektivt system for overlevering av personar som er sikta eller domfelte i eit nordisk land. Ved ot.prp. nr. 39 (2007–2008) fremja Justisdepartementet forslag til ny lov om overlevering som gjennomfører konvensjonen. Lovforslaget vart vedteke i juni 2008, men lova har ikkje tredd i kraft enno.

Samarbeidet mellom dei nordiske landa på *beredskapssida* er gjennomgåande svært godt. Det er etablert samarbeid på departements- og direktoratnivå mellom dei nordiske landa.

*Det nordiske redningstenestesamarbeidet NORDRED* byggjer på ein rammeavtale mellom Danmark, Finland, Sverige, Island og Noreg om samarbeid over territorialgrensene for å hindre eller avgrense skader på menneske, eigedom eller miljø ved ulykker. Avtalen skal komplettere andre nordiske multilaterale eller bilaterale avtalar på området. Overordna mål er å utveksle informasjon, føre menneske saman og bryte faggrenser. NORDRED-kontaktgruppa møtest to til fire gonger i året, og konferansar vert haldne tredjekvart år. Noreg overtek formannskapen i 2009.

Det er utarbeidd ei nordisk tenestehandbok, alarmøvingar er haldne og det er oppmuntra til grensekommunalt og lokalt samarbeid. Ettersom dei norske samarbeidspartnarane i NORDRED er EU-medlemmer, kan EU-direktiv på fagområdet få betydning også for Noreg og samarbeidet mellom NORDRED-landa.

Justisdepartementet deltek i Noregs forskingsråds forskingsprogram «Samfunnstryggleik og risiko (SAMRISK)» saman med mellom andre Samferdselsdepartementet og Utanriksdepartementet. Programmet skal gi auka kunnskap om sårbarheit og risikohandtering på tvers av sektorar og aktivitetsområde. Programstyret for SAMRISK arrangerer konferansen «Is there a Nordic model for social security and safety?» i Oslo i september 2008. Konferansen rettar seg mot forskrarar, politi-

karar, offentleg tilsette, bedrifter og organisasjoner i alle nordiske land. Konferansen er støtta av Nordisk Ministerråd.

*Øvinga SweNorEx* går av stabelen i første halvår 2009. Øvinga er eit samarbeidsprosjekt mellom Sverige og Noreg, og 75 % av finansieringa kjem frå EU-mekanismen for samordning av sivil krisehandtering. Scenariet er ein større naturkatastrofe, og samhandling mellom EU og FN er eitt av punkta det er ønske om å øve på.

I juni 2008 vart det halde ein konferanse i regi av Vestnordisk Råd om *redningssamarbeid i Nord-Atlanteren*. Vestnordisk Råd ønskjer å analysere situasjonen og skape dialog og forsterka samarbeid mellom relevante partar. Noreg er såleis ein viktig aktør og vil delta på konferansen.

I MOU av 26. april 2007 om *tryggings-, forsvars- og beredskapssamarbeid mellom Noreg og Island* er anskaffing av nye redningshelikopter nemnt som eit potensielt samarbeidsområde. Det er viktig at havområda mellom Noreg og Island er dekte av tilstrekkeleg kapasitet som tryggjer aktivitetane i dette ressursrike området, og at dei norske interesse i nordområda er sikra. Kjøp av same helikoptermateriell kan gi auka høve til samtrening og erfaringsutveksling og opnar for felles ressursnytting. Noreg har difor inngått ein samarbeidsavtale med Island for å finne ut om eit fellesinnkjøp ville vere tenleg.

Regjeringa støttar opp om det nordiske samarbeidet som skal sikre at marknaden berre tilbyr trygge produkt og forbrukartenester. Eit *felles regelverk* for ulike typar produkt krev einsarta reglar, og styresmaktene må drive marknadskontroll og tilsyn etter einsarta prinsipp. Særleg i dei nordiske landa, der kultur og klimatiske bruksforhold er tilnærma like, er det fornuftig at felles utfordringar når det gjeld tryggleiken ved produkt og forbrukartenester, kan drøftast i eit breiare forum.

*Nordisk-baltisk kontaktgruppe (Nordic-Baltic Contact Group – NBCG)* er ei kontaktgruppe på embetsmannsnivå som vart oppretta i 1999. Gruppa har som mandat å bestemme dei nærmare rammene for samarbeidet mellom dei nordiske og baltiske landa i justissektoren og følgje opp prioriteringar som vert fastsette på dei nordisk-baltiske justisministermøta. Gruppa har ein medlem frå kvart av dei nordiske og baltiske landa og ein representant for Nordisk Ministerråd, og møtest ved behov. Estland har formannskapen i NBCG i 2007–2008.

NBCG arrangerer konferansar/seminar og har ansvaret for å førebu dei nordisk-baltiske justisministermøta. Gruppa møttest sist i Levi i Finland i

september 2007. Neste justisministermøte skal hal-dast i Latvia i september 2009.

## 4.13 Flyktningar og migrasjon

Nordisk samrådsgruppe på høgt nivå for flyktning-spørsmål (NSHF) er eit uformelt diskusjonsforum for flyktning-, innvandrings- og integrasjonsspørsmål.

Utlendingsforvaltinga står for førebuing, del-taking og oppfølging av NSHF, med Arbeids- og inkluderingsdepartementet som hovudansvarleg.

Det nordiske samarbeidet er viktig for norske innvandringsstyresmakter. Det er ikkje berre ein arena for å diskutere problemstillingar som er av felles interesse for dei nordiske landa, men opnar ei dør inn til uformell informasjon om møte og prosessar i EU som Noreg ikkje har tilgang til. Møta i NSHF er av uformell karakter, og det vert difor gitt informasjon som er av meir fortruleg art enn den ein får tilgang til gjennom media.

Formannskapen i NSHF går på omgang mellom dei nordiske landa, og det vert utarbeidd eit formannskapsprogram av kvar formannskap over tema som det er ønske om å diskutere på ministermøtet og embetsmannsmøta. Noreg har formannskapen frå juli 2008 til juni 2009, og vi skal vere vertskap for eit embetsmannsmøte i november 2008 og eit kombinert embetsmanns- og ministermøte i juni 2009.

*Nordisk utlendingsutval* er eit uformelt diskusjonsforum for flyktning-, innvandrings- og integrasjonsspørsmål. Utvalet diskuterer problemstillinger i samband med den praktiske gjennomføringa av flyktning-, innvandrings- og integrasjonspolitiken. Difor står utlendingsforvaltinga for førebuingane, deltakinga og oppfølginga i Nordisk utlendingsutval, mens det er Utlendingsdirektoratet (UDI) som har hovudansvaret.

Nordisk Ministerråd hadde tidlegare eit eige migrasjonsutval under arbeidsmarknadsutvalet. Migrasjonsutvalet vart nedlagt frå og med 2007, og migrasjons- og integreringsfeltet skulle frå same tid vere inkludert i alle utvala på arbeidslivsområdet under Nordisk Ministerråd. I 2007 arbeidde ei adhocgruppe på migrasjonsområdet for å med-verke til kunnskapsoverføring om *integrering* av flyktningar og innvandrarar til utvala på arbeidslivsområdet.

Sidan 2006 har dei nordiske landa utveksla informasjon og erfaringar i integreringsspørsmål på årlege tenestemannsmøte. I 2007 var arbeids-innvandring, rekruttering og arbeid med mangfold i arbeidslivet tema som vart tekne opp.

Sidan 1968 har dei nordiske landa samarbeidd om *felles statsborgarreglar* for nordiske innbyggjarar, og landa har inngått ein avtale om gjennomføring av visse føresegner om statsborgarrett. Opp-havleg deltok berre Danmark, Noreg og Sverige i dette samarbeidet, men etter kvart er Finland og Island komne i tillegg. Landa møtest som hovudregel éin gong i året på embetsmannsnivå.

## 4.14 Administrasjon og forvaltning

Dei sentrale statlege arbeidsgivarorganisasjonane i dei nordiske landa har i mange år hatt eit nært samarbeid. Det går føre seg gjennom ein statleg arbeidsgivarkonferanse for alle dei nordiske landa. Konferansen vert halden annakvart år, hausten 2008 i Sverige. I tillegg vert det samarbeidd i grupper som er etablerte på ulike personalpolitiske område.

På den nordiske pensjonskonferansen møtest representantar for dei statlege tenestepensjonsordningane. Noreg arrangerte konferansen i 2007. I 2009 skal Danmark stå som arrangør.

Kvar år vert det halde ein forvaltningspolitisk konferanse på departements- og etatsnivå. I 2007 vart konferansen arrangert av Sverige, mens det er Island som har formannskapen i 2008.

Det er etablert eit nordisk lønns- og personalutval som består av leiande representantar for den statlege arbeidsgivarsida i Norden. Utvalet er eit rådgivande organ for Nordisk Ministerråd (samarbeidsministrane) og Nordisk Råds presidium i lønns- og personalspørsmål.

Nordisk Ministerråd oppretta i 1978 ei teneste-utvekslingsordning for alle grupper av statstilsette i dei nordiske landa. Ordninga har til formål å styrke samarbeidet mellom dei nordiske statsetatane og å gi impulsar til nytenking på eige arbeidsfelt. Ministerrådet løyver kvart år pengar til stipendmidlar for tenesteutvekslinga. Årlig vert det gjennomført to samarbeidsmøte med dei andre nordiske landa.

Dei nordiske *konkurransestyresmaktene* har eit nært samarbeid i form av møte om aktuelle nasjonale saker og gjennom nordiske prosjekt. Konkurransestyresmaktene samarbeider òg om utviklinga av konkurransereglane i EU, EØS og andre internasjonale forum.

Det vert halde nordisk plenumsmøte kvart år i august/september med deltaking frå Danmark, Finland, Færøyane, Grønland, Island, Noreg og Sverige. Plenumsmøtet i år fann stad i Danmark i august. Hovudtema var internethandel, konkurransenøytralitet mellom offentlege og private føre-

tak, bransjeorganisasjonar og deira forhold til kartellsamarbeid og situasjonen i daglegvaremarknaden. Vidare vert det halde årlege møte der direktørane for konkurransetilsyna i dei nordiske landa trekker opp linjene for det nordiske samarbeidet.

Statsbygg er ein del av Nordisk kontakt om statsbyggeri (NKS), som er eit samarbeid mellom organisasjonane for *statleg byggherreverksemd og eigedomsforvaltning* i dei nordiske landa. NKS er eit organ for utveksling av felles erfaringar på feltet. Frå Danmark deltek Slots- og Ejendomsstyrelsen, frå Sverige Statens fastighetsverk, frå Finland Senatfastigheter og frå Island Framkvæmdasýsla ríkisins. NKS møtest ein gong i året på leiarnivå. Aktuelle tema som vore behandla i seinare tid, er organisering av den statlege bygge- og eigedomsverksemda, bruk av bygningsinformasjonsmodellar (BIM) og utvikling av internasjonale standardar for dei, usikkerheitsstyring, universell utforming av eigedommar og forvaltning av kulturhistoriske eigedommar. Gjennom arbeidet er det teke initiativ til fleire samarbeidsprosjekt med ein eller fleire av organisasjonane, og Statsbygg har ved fleire høve kunna dra nytte av erfaringane frå dei andre nordiske landa. Det er òg etablert eit eige Nordisk kontaktutval for utanlandseigedommar (NKU). Her vert det utveksla erfaringar om bygging og forvaltning av statlege eigedommar verda over. NKU møtest årleg. Aktuelle tema har vore ønsket om samlokalisering av nordiske ambassadar, klimautfordringar ved bygging og forvaltning og universell utforming.

## 4.15 Barn og ungdom

Nordisk Ministerråds strategi for barn og unge i Norden frå 2006 er retningsgivande for den samla aktiviteten Ministerrådet driv overfor barn og unge. Ansvaret dei ulike sektorane har for å vareta eit barne- og ungdomsperspektiv, er understreka i strategien. Nordisk barne- og ungdomskomite (NORBUK) rapporterer til dei nordiske samarbeidsministrane om arbeidet i dei ulike sektorane. 2007 var første rapporteringsåret med omsyn til gjennomføringa av strategien.

NORBUK arbeider i hovudsak med unges eiga organisering og unges nordiske samarbeid, nye metodar for unges deltaking og innverknad i demokratiske prosessar, kulturelt mangfald, menneskerettar, internasjonalt samarbeid og koordinering av barne- og ungdomsforsking. Komiteen har i 2007 fått gjennomført ein samanliknande studie av bidragssystemet til barne- og ungdomsorganisa-

sjonane i Norden. Det er òg lagt vekt på å rekruttere og stimulere nye grupper til nordisk samarbeid gjennom eit eige prosjekt, Eitt Norden, der målsetjinga er å skolere ungdom med etnisk minoritetsbakgrunn i prosjektleiing. NORBUK har prioritert å vidareutvikle metoden «menneskebibliotek» ved å sikre at interesserte kan få råd og rettleiting i metoden og å gi støtte til omsetjing til fleire språk. Arbeidet skjer m.a. i samarbeid med Europarådet. Siste året er det lagt vekt på å betre informasjonen ved at det er utvikla ei ny webside for barn og unge i samarbeid med NMRs webredaksjon og dei nordiske public service-stasjonane, representert ved Danmarks radio. Implementeringa av handlingsplanen skal evaluerast i 2008.

De nordiske landa samarbeider om å handtere *internasjonale barnebortføringar*. Årleg vert det halde uformelle samarbeidsmøte mellom representantar frå dei nordiske landa for å diskutere både generelle problemstillingar og konkrete saker. Hausten 2007 fann møtet stad i Reykjavik. Det er planlagt nytt møte hausten 2008 i Helsingfors.

## 4.16 Frivillig sektor

Samarbeid med den frivillige sektoren er viktig i nordisk samanheng. Det gjeld særleg Foreininga Norden, som skaper møteplassar og styrker den folkelege forankringa av det nordiske samarbeidet. Foreininga Norden administrerer m.a. Norden i Fokus, Hallo Norden og Nordjobb.

I Noreg la regjeringa i 2007 fram st.meld. nr. 39 (2006–2007) «Frivillighet for alle». Meldinga framhevar verdien av mangfoldet i frivillig sektor og det viktige i at sektoren har ei uavhengig stilling, og understrekar at sektoren må ha ein stor grad av eigenfinansiering slik at det frivillige arbeidet kan utvikle seg på eigne vilkår.

Regjeringa legg opp til ein ny og heilskapleg frivilligpolitikk der det overordna målet er å støtte aktivt opp om utviklinga av eit levande sivilt samfunn. Det skal skje gjennom nært samspele med frivillige organisasjonar og ved å støtte og leggje til rette for frivillig engasjement. Det er eit hovudmål å stimulere til auka deltaking og engasjement, særleg frå grupper som i dag fell utanfor det frivillige organisasjonslivet.

Regjeringa vil ta initiativ på nordisk nivå for å sjå på korleis det kan skapast større merksemd om kva frivillig sektor betyr, og kva som må til for at han skal utvikle seg.

## 5 Anna nordisk regjeringssamarbeid

### 5.1 Det utanrikspolitiske samarbeidet

Siste året har det nordiske utanrikspolitiske samarbeidet vore meir aktivt enn på lenge.

Dei nordiske utanriksministrane, statssekretærane og politiske direktørar i utanriksdepartementa møtest jamleg til uformelt samråd om aktuelle spørsmål. Vidare er det tett nordisk kontakt på ei lang rekke fagområde. *Femlandssamarbeidet utgjer hovudramma* for dette samarbeidet.

På same tid er samarbeidet i *mindre nordiske format* i utvikling. Noreg, Finland og Sverige utdjupar samarbeidet i spørsmål som gjeld våre felles utfordringar i nordområda; her dreier det seg både om nye utfordringar som klima, energi og miljø og om naboskapet med Russland. Vidare skjer det ei styrking av samarbeidet med Danmark og Island i spørsmål som gjeld det nordlege Atlanterhavet og Arktis. Det særlege tryggingspolitiske samarbeidet med Island utviklar seg vidare, i pakt med den ambisjonen regjeringa har om å auke merksemda i NATO og dei allierte landa om dei særlege utfordringane vi står overfor i nordområda.

På norsk initiativ vart dei nordiske utanriksministrane i juni 2008 samde om å setje i gang ein uavhengig studie som skal sjå på *korleis det nordiske utanriks- og tryggingspolitiske samarbeidet kan utviklast og utdjupast dei neste 10–15 åra*. Tanken er å stimulere til ein breiare debatt om desse spørsmåla, samtidig som studien skal sjå på korleis det nordiske samarbeidet kan styrkast i nærområda og globalt. Tidlegare utanriks- og forsvarsminister Thorvald Stoltenberg er bedd om å ta ansvar for utarbeidinga av studien, som etter planen skal ligge føre innan utgangen av året. Stoltenberg skal ha støtte i ei nordisk referansegruppe med to deltagarar frå kvart land.

Noreg står utanfor EU og deltek difor ikkje i det daglege samarbeidet mellom dei nordiske og baltiske EU-medlemmene (NB 6). Utanriksministrane og statssekretærane møtest likevel årleg i *den nordisk-baltiske krinsen* (NB 8), i 2008 under estisk samordning. Regionale spørsmål, til dømes Austersjøsamarbeidet og behovet for å vitalisere det, og forholdet til og samarbeidet med Russland, har ein sentral plass i samarbeidet.

*Nordisk tryggingspolitisk dialog og samarbeid* har gjennomgått ei vesentleg styrking dei siste åra. Tidlegare tryggingspolitiske skiljelinjer i Norden er erstatta av eit positivt samarbeidsrom. Sverige og Finland har utvikla eit tett partnarskapsforhold til NATO, og Noreg er ein aktiv deltar i krisehandtering under EU-leiing. Dei tradisjonelle institusjonelle rammene og innskrenkingane er vesentleg endra og tilpassa nye oppgåver og behov. Slik vert det mogeleg å utvikle eit supplement til dei etablerte institusjonelle samarbeidsstrukturane, anten det gjeld NATO eller EU.

Det nordiske utanriks- og tryggingspolitiske samarbeid er med dette vorte meir sektoroverspennande. I tillegg til samarbeid innanfor dei tradisjonelle FN-rammene omfattar det no militær krisehandtering og forsvarssamarbeid, konsultasjoner om felles tryggingspolitiske utfordringar, godt styresett, menneskerettar, freds- og forsoningsprosessar, reform av tryggingssektoren, internasjonal terrorisme og organisert kriminalitet. Regjeringa har som ambisjon å utvide og utdjupe samarbeidet i åra som kjem.

Dei nordiske landa deler eit sterkt humanitært og fredsskapande engasjement og eit ønske om å medverke til *internasjonale fredsoperasjonar*, anten det er i ein FN-, ein NATO- eller EU-kontekst. Dei avgrensa ressursane våre (særleg på personellsida) gjer det vanskeleg å yte substansielle bidrag åleine. Nordisk samarbeid gir auka gjennomslagskraft og gjer at ressursane rekk lenger.

Dei nordiske landa prøver difor å koordinere ei rekke av bidraga sine innanfor ei *nordisk ramme i NATO- og EU-operasjonane* i Afghanistan og på Balkan. Med utgangspunkt i ein felles handlingsplan vert det òg lagt opp til større politisk og sivil koordinering av innsatsen i Afghanistan. Regjeringa legg vekt på at dei fem landa skal kunne tale med éi stemme når verdssamfunnet skal vurdere den vidare utviklinga av engasjementet sitt i landet. Det vert dessutan vurdert fleire konkrete fellestiltak med sikte på sterkare internasjonal koordinering og støtte til FN/UNAMA, oppfølging av Afghanistan Compact, støtte til EUPOL og rettssektoren, militært samarbeid og kamp mot narkotika.

Saman med dei andre nordiske landa deltek Noreg i det forsvars- og tryggingspolitiske samarbeidet i EU. Våren 2008 stod eit norsk personell på 150 i beredskap i den svenskleidde EU-innsatsstyrken (Nordic Battle Group), og Noreg, Sverige og Finland – i tillegg til Estland og Irland – skal gjenta dette samarbeidet i 2011. Regjeringa er oppteken av vidare deltaking innanfor desse rammene, som gir Noreg høve til å delta i den vidare utforminga av det tryggingspolitiske EU-samarbeidet.

Dei nordiske landa planlegg å etablere ein felles styrke som skal delta i FN-operasjonar i Afrika, og vil hjelpe dei afrikanske landa med kompetansebygging innan fredsoperativ innsats. Norden samarbeidde i den sivile observatørgruppa Sri Lanka Monitoring Mission (SLMM) frå opprettinga i 2002 til gruppa måtte trekke seg ut i februar 2008. Hausten 2006 stod Noreg og Island att som dei einaste styrkebidragsytarane, mens Danmark, Finland og Sverige framleis engasjerte seg som politiske og økonomiske støttespelarar til observatørstyrken. Noreg og Sverige har ambisjonar om eit tettare samarbeid om fred og forsoning på Afrikas Horn, og har til saman ei leiande rolle i det lokale arbeidet i Nairobi i tilknyting til den internasjonale kontaktgruppa for Somalia.

*Nordisk FN-samarbeid* går i dag føre seg på fleire plan. Det vert samarbeidd om fellesnordiske kandidatur og sett opp felles rotasjonslister for verv. Nordiske land held dessutan felles innlegg i ulike forum, mellom anna i Generalforsamlinga og i opne temamøte i Tryggingsrådet. Det vert fremja felles démarchar, dvs. formelle presentasjonar av synspunkt, i ulike saker. Vidare møtest dei nordiske FN-ambassadørane kvar veke, og andre utsende medarbeidarar i New York møtest jamleg. FN-ansvarlege i dei fem hovudstadene møtest halvårleg.

*Det islandske tryggingsrådkandidaturet* (2009–2011) prega arbeidet fram mot den 63. generalforsamlinga hausten 2008. Ansvaret for å følgje opp kandidaturet overfor dei ulike medlemmene av FN er fordelt mellom dei fem nordiske landa. For å styrke den nordiske profilen i FN-hovudkvarteret i New York og samtidig støtte opp om det islandske kandidatur har Island halde fellesnordiske innlegg i Tryggingsrådet.

Noreg arbeider for å styrke det nære nordiske FN-samarbeidet, som er basert på tradisjonar og stor grad av fellesskap i kultur, verdiar og prioriteringar. Samtidig respekterer vi at nordiske EU-medlemmer må ta omsyn til dei krava dei er pålagde som medlemmer. Dei nordiske landa forjupar FN-samarbeidet på ei rekke område som klimaspørsmål, likestillingsspørsmål, fredsbyggings-

oppgåver – medrekna tiltak til tryggingssektorreform og styrking av rettsstaten – og FN-reformer, mellom anna administrativ reform og reform av Tryggingsrådet.

*Dei nordiske utanrikstenestene* har elles eit tett administrativt og konsulært samarbeid. Embetsmenn i departementa møtest jamleg, og det er oppretta nordiske arbeidsgrupper på ei rekke relevante fagområde. Det nordiske samarbeidet ved utanriksstasjonane har fleire former. Det kan vere samlokalisering av ambassadar, felles administrative støttefunksjonar, felles visumseksjonar, avtalar om gjensidig representasjon når det gjeld visumbehandling m.m., og bistand i konsulære saker og akutte kriser når det trengst. Ved fleire nordiske utanriksstasjonar er eller har det vore innplassert utsende tenestemenn frå andre nordiske land. Dei norske ambassadane samarbeider lokalt med dei andre nordiske ambassadane om krise- og beredskapsplanlegging og om kriseøvingar. På norsk side vert det lagt stor vekt på det nordiske samarbeidet på dette feltet, og det vil verte vidareført på fleire nivå.

## 5.2 Utanrikshandel

Det utanrikshandelspolitiske samarbeidet mellom dei nordiske landa er i dag meir uformelt enn tidlegare. Det er jamleg kontakt mellom dei nordiske hovudstadene, mellom delegasjonane/representasjonane i Brussel, mellom dei nordiske ambassadane og mellom EU-delegasjonane og sekretariatet i Nordisk Ministerråd. I tillegg er Nordisk Ministerråd ein arena for regelmessig nordisk samråd om aktuelle EU- og EØS-saker. Dei nordiske utanrikshandelsministrane møtest årleg til uformelt samråd om aktuelle utanrikshandelspolitiske saker. I 2008 møtest dessutan dei nordiske statssekretærane med ansvar for handelspolitiske spørsmål. På dagsordenen stod grensehinderspørsmål, implementering av tenestedirektivet, Austersjøsamarbeidet, Lisboastrategien og forholdet til tredjeland, WTO-forhandlingane og forholdet mellom handel og utvikling og handel og klima.

*Spørsmål om EØS og den indre marknaden* har fått større plass i det nordiske utanrikshandelspolitiske samarbeidet. Likeins er *samarbeidet med Nordens nærområde* på det økonomiske og handelspolitiske området vorte viktigare. Noreg deltek i ei uformell nordisk-baltisk-polisk samrådsgruppe i arbeidet med EU-direktivet for å lette handelen med tenester. Formålet er å utveksle informasjon og synspunkt i samband med det nasjonale

arbeidet med tenestedirektivet for på den måten å kunne medverke til lik forståing.

Den ytre handelspolitikken i EU har Kommisjonen ansvaret for, og det er såleis ikkje aktuelt med eit formelt samarbeid mellom dei nordiske landa om felles posisjonar i WTO. Det er likevel god uformell kontakt i *WTO-spørsmål* gjennom kontakt mellom dei nordiske delegasjonane i Genève og med dei nordiske deltagarane i handelskomiteen i OECD. Gjennom denne kontakten får Noreg informasjon om drøftingane i EU, og dei andre nordiske landa kan dra nytte av at Noreg deltek i grupperingar der EU berre er representert ved Kommisjonen.

Regjeringa legg stor vekt på at det utanrikshandelspolitiske samarbeidet må pleia og vidareutviklast.

### 5.3 Forsvar

Det nordiske forsvars- og tryggingspolitiske samarbeidet er omfattande og vert høgt prioritert. Det er stort samanfall i tryggingspolitiske vurderingar og interesser mellom dei nordiske landa, og samarbeidet fungerer godt trass i ulik forankring i EU og NATO. Den *nordiske samarbeidsramma* gir gjensi-dig nytteverdi ved at ho for land som Noreg og Island gir tilknytingspunkt til EU-samarbeidet, mens ho for land som Sverige og Finland gir inn-syn og medverknad i NATO.

Dei nordiske landa deler ei rekke føresetnader på forsvarssida som i mange tilfelle gjer eit samarbeid både aktuelt og gjensidig gunstig. Det nordiske samarbeidet er difor ein eigna arena for å samordne ei rekkje tryggings- og forsvarspolitiske saker av felles interesse. For Noreg er det nordiske samarbeidet ein viktig arena som medverkar til å realisere ei rekkje forsvarspolitiske ambisjonar.

Det nordiske samarbeidet er karakterisert av ei rekkje samarbeidsprosjekt på mange område. Dei nordiske landa har godt *etablerte strukturar for samarbeid på forsvarssida*, og det vert halde faste møte på statsråds-, departementsråds- og ekspedisjonssjefnivå. Også forsvarssjefane har faste møte i nordisk og nordisk-baltisk samanheng.

Dei nordiske landa deler eit sterkt humanitært og fredsskapande engasjement og har fokus på og eit sterkt ønske om å bidra til fredsbevarande operasjonar. Avgrensa ressursar, spesielt på personellsida, gjer at vi vanskeleg kan yte substansielle bidrag til fredsbevarande operasjonar åleine. Gjennom det nordiske samarbeidet får vi større operativ evne enn vi kunne oppnådd på eiga hand, og vi styrker det nordiske samhøyret. Med eit Norden

som samarbeider tettare i forsvars- og tryggings-politikken, kan vi yte endå større bidrag til fredsskapande og stabiliserande operasjonar. Dei nordiske landa prøver difor å *koordinere fleire av bidraga sine innanfor ei nordisk ramme*. Mellom anna er det semje om å arbeide for å få til eit felles *nordisk bidrag til ein fredsstøttande FN-operasjon i Afrika*. Det er òg ei målsetjing å *styrke det nordiske samarbeidet i regi av NATO-operasjonen i Afghanistan*. Vidare deltek Noreg i den svenskleidde EU-stridsgruppa (*EU Nordic Battle Group*) i 2008 og 2011.

*Tryggingssektorreform* er eit stadig viktigare ver-kemiddel for å leggje til rette for ei demokratisk utvikling og etablere varig fred i tidlegare konflikt-område. Dei nordiske landa har over lengre tid gitt støtte til samarbeidet om reformtiltak i tryggings-sektoren. Mellom anna har dei nordiske landa medverka til å omstille og byggje opp ein sjølvsten-dig forsvarssektor i dei baltiske landa. I dag har dei nordiske landa fem fellesprosjekt på Vest-Balkan, i høvesvis Makedonia, Serbia, Albania, Bosnia og Montenegro. I tillegg har dei nordiske og baltiske landa hatt eit samarbeidsprosjekt i Ukraina sidan 2006. Tiltaka omfattar mellom anna omskolering av overflødig militært personell og hjelpe til å utøve demokratisk kontroll over militære styrkar. Dei nordiske landa har ein ambisjon om å bygge vidare på desse initiativa. Tryggingssektorreform står i dag fram som ein nisjekapasitet der dei nordiske landa kan gi vesentlege bidrag med avgrensa personellressursar.

Det nordiske landa arbeider òg for felles innsats til støtte for *kapasitetsbygging i Afrika*. Den overordna målsetjinga er å fremje ein operativ konfliktforebyggjande kapasitet og styrke den regionale tryggingsarkitekturen i Afrika. Det vil vere med og setje dei afrikanske partnarane våre betre i stand til å handtere eigne tryggingsutfordringar.

*NORDCAPS* (*Nordic Coordinated Arrangement for Peace Support*) fungerer som eit viktig instru-ment for å koordinere og samordne nordiske bidrag til fredsbevarande operasjonar og som ei ramme for nordiske bidrag til tryggingssektorre-form. Det nordiske forsvarssamarbeidet står òg sterkt i materiellsektoren gjennom *NORDAC* (*Nordic Armaments Cooperation*). Helikopter, storm-panservogner, artillerilokaliseringradarar og pansra hjulgående personellkjøretøy er eksempel på system som har vore gjenstand for kostnadsef-fektivt nordisk innkjøpssamarbeid av stor industri-ell, operativ og kompetansemessig verdi.

Den norske og svenska forsvarssjefen har lagt fram ein *forstudie til eit forsterka norsk-svensk for-svarssamarbeid*. Formålet med dette samarbeidet

er å utnytte komparative fordelar, effektivisere verksemder og skape stordriftsfordelar innanfor styrkeproduksjon, logistikk og anna støtteverksemder. Slik kan det oppnåast innsparingar som set landa betre i stand til å oppretthalde breidda og kvaliteten i forsvarsstrukturen, og som kan medverke til at ein større del av strukturen er tilgjengelig for operativ bruk. Finland har òg sluttar seg til dette samarbeidet gjennom bi- og trilaterale forstudiar. Det er lagt til rette for at alle dei nordiske landa kan inngå i eit forsterka nordisk forsvarssamarbeid basert på konseptet i forstudien.

Regjeringa legg til grunn at samarbeidet ikkje skal gå på kostnad av, men komme i tillegg til, norske plikter og samarbeidsordningar i alliansen.

## 5.4 Utviklingssamarbeid

Noreg har eit nært samarbeid med dei andre nordiske landa for å betre bistandseffektiviteten gjennom det utvida *Nordic Plus*-samarbeidet, der Irland, Nederland og Storbritannia òg er med. Kjernen er Pariserklæringa om bistandseffektivitet frå 2005. Samarbeidet går dels føre seg i internasjonale forum der fokuset no er på førebuingane til det tredje høgnivåforumet for bistandseffektivitet, som skal haldast i Ghana i september 2008. Vidare går det føre seg eit utstrekkt samarbeid på hovudstadsnivå med halvårlege møte mellom bistandssjefane, og det vert samarbeidd på landnivå, i nokre tilfelle ved at bistandsmidlar vert kanaliserte gjennom ein annan *Nordic Plus*-gjevar (delegert samarbeid).

Noreg, Sverige, Danmark og Finland er mellom dei største bidragsytarane til FNs operative innsats på det utviklingspolitiske og humanitære området, som i hovudsak vert finansiert med frivilige midlar. Det er utstrekkt kontakt og samarbeid mellom nordiske land om dette, både i samband med møta i Generalforsamlinga i FN og arbeidet gjennom særorganisasjonar, fond og program, slik det òg er samarbeid med andre likesinna land i og utanfor EU. Dei nordiske EU-medlemmene spelar òg ei viktig rolle innanfor EU på dette området.

Samarbeidet med Verdsbanken og dei regionale utviklingsbankane er formalisert gjennom ein omfattande nordisk koordineringsprosess og ei rotasjonsordning for representasjon i dei styrande organa. I Verdsbanken og dei regionale utviklingsbankane har Noreg i dei fleste sakene samanfallande interesser med dei andre nordiske landa, og i styra i institusjonane er det tett nordisk samarbeid. Felles posisjonar vert utforma, og det vert halde felles innlegg under årsmøte og møte i utviklingskomiteen i Verdsbanken og Det internasjonale valuta-

fondet (IMF). Dei nordiske landa legg vekt på å sikre at den overordna målsetjinga om fattigdomsreduksjon vert styrande for utforminga og gjennomføringa av verksemda i utviklingsbankane.

Det nordiske utviklingsfondet (*Nordic Development Fund*, NDF) er ein samnordisk bistandsorganisasjon som er finansiert over bistandsbudsjetta i dei nordiske landa. NDF samfinansierer med andre multilaterale institusjonar, hovudsakleg Verdsbanken og dei regionale utviklingsbankane. Den største delen av kreditane til NDF har vore nytta til å finansiere leveransar av varer og tenester frå dei nordiske landa. I 2005, etter mislukka påfyllingsforhandlingar, konkluderte dei nordiske utviklingsministrane med at det var semje om å avvikle aktivitetane til NDF. Det er likevel dei nordiske samarbeidsministrane som skal gjere formelt vedtak om avvikling. Dersom Nordisk Ministerråd skulle gjere eit formelt vedtak om nedlegging, vert det nødvendig å avgjere kva som skal skje med ressursane som vert genererte gjennom tilbakebetaing av lån over ein periode på 35 år etter nedlegginga. Styret har fått utarbeidd ein rapport med tre ulike løysningar på korleis midlane best kan kanaliserast til klimatilpassingstiltak i u-land: anten gjennom eit nordisk fond i Verdsbanken, gjennom NIB/NEFCO eller ved hjelp av ei mellomløysing der NDF består med eit revidert mandat som reflekterer eit nytt fokus på klimatilpassing. Frå norsk side vert det lagt avgjerande vekt på at det må veljast ei løysing som sikrar at NDF-kapitalen vert brukt til mest mogeleg effektiv og fattigdomsorientert utviklingsbistand, samtidig som etablerte nordiske institusjonar vil vere å føretrekkje.

## 5.5 Forbrukapolitikk

Ministerrådet for forbrukarspørsmål vart lagt ned frå 1. januar 2006 som følgje av at ministerrådsstrukturen vart omorganisert. Forbrukarminstrane vedtok då å vidareføre samarbeidet på uformelt plan og å etablere Embetsmannsgruppa for nordisk samarbeid på forbrukarområdet (NordKons), samansett av medlemmene i det tidlegare EK-Konsument.

Samarbeidet i NordKons var i 2007 hovudsakleg avgrensa til informasjons- og erfaringsutveksling. I tillegg uttalte gruppa seg om nokre få prosjektsøknader. To av prosjekta som NordKons tilrådde (eitt knytt til *etisk forbruk*, eitt til *bekraftig forbruk*), oppnådde å få støtte frå strukturpuljen under NSK/MR-SAM.

Hausten 2007 vart det arrangert ein *forbruksforskingskonferanse* i Finland, finansiert med nordiske

midlar, der også representantar for ulike forbrukarstyresmakter og -organisasjonar deltok. Elles finst enkelte uformelle nettverk og kontaktforum for representantar for forbrukarstyresmakter og -organisasjonar i Norden.

## 5.6 Samferdsel

Etter at den nye ministerrådsstrukturen tok til å gjelde 1.1. 2006, er ikkje lenger transportsektoren ein del av det formaliserte nordiske regjeringssamarbeidet. På det nordiske transportministermøtet i Vejle i august 2005 vart det gjort vedtak om å halde fram med transportsamarbeidet utanfor ramma av Nordisk Ministerråd. Det var brei semje om at eit vidare samarbeid er viktig for å diskutere aktuelle transportpolitiske problemstillingar og for å oppretthalde det gode nettverket som er etablert mellom dei nordiske landa.

Det nordiske regjeringssamarbeidet på transportsektoren legg vekt på å fremje effektiv, konkurransekraftig, sikker og miljøvennleg transport og trafikk i Norden og nærområda. Det er særleg fokusert på område der landa har felles problemstillingar. I tillegg vert det lagt vekt på at samarbeidet skal fremje den politiske debatten og vere eit forum for erfaringsutveksling. Samarbeidet har medverka til ei positiv utvikling i dei nordiske landa. Spesielt er det grunn til å framheve dei gode resultata som er oppnådde innan *trafikksikring og miljøpolitikk*. Her har dei nordiske landa mange fellestrekksjølv om dei er ulike på somme område. Norden er føregangsland på verdsbasis når det gjeld trafikktryggleik, og det er nødvendig med kontinuerleg fokus på området dersom Norden skal ha ein slik posisjon også i framtida. Samarbeidet mellom dei nordiske landa og nærområda har vore viktig for overføring og utvikling av kunnskap om trafikktryggleik.

Dei seinare åra har EU/EØS-spørsmål fått størrer merksemd, og samarbeidet har mellom anna teke sikte på å påverke transportpolitikken i EU i retning av Den nordlege dimensjon. Etter EU-utvidinga har EU-relaterte spørsmål fått ytterlegare aktualitet. Dei seinare åra har det vore lagt vekt på auka samarbeid med dei baltiske landa, og det er halde eigne nordisk-baltiske ministermøte (NB8) i tilknyting til dei vanlege nordiske ministermøta.

Innanfor den noverande samarbeidsmodellen skal det haldast eitt årleg sommarmøte mellom transportministrane. Ordninga frå dei seinare åra, der dei nordiske transportministrane møtest før rådsmøta i EU, skal vidareførast. Sverige arran-

gerte sommarmøtet i år. Det fann stad i Strømstad 22.–23. mai. Hovudtema på møtet var klimaforandringer og transport. I tillegg vart infrastrukturplanlegging, TEN-reviderte retningslinjer og ein eigen EU-strategi for Austersjøsamarbeidet diskutert.

## 5.7 Samar og nasjonale minoritetar

Ministrane med ansvar for samiske saker og sameatingspresidentane i Finland, Sverige og Noreg etablerte i 2000 eit fast samarbeid for regelmessig ori-entering, drøfting og behandling av samiske spørsmål av felles interesse. Målsetjinga med samarbeidet er å styrke og utvikle samefolkets språk, kultur, næringer og samfunnsliv. Samarbeidet har uformell, men nær tilknyting til Nordisk Ministerråd.

Regjeringane i Finland, Sverige og Noreg er samde om å *vidareføre arbeidet med utkastet til ein nordisk samekonvensjon*, i første omgang gjennom nasjonalt arbeid med å ferdigstille analysar. Sameministrane og sameatingspresidentane tek sikte på at landa hausten 2008 skal ha avklart eit eventuelt forhandlingsopplegg for ein nordisk samekonvensjon. Konvensjonsutkastet, som er utarbeidd av ei nordisk ekspertgruppe, tek utgangspunkt i at samane er urfolk i Finland, Sverige og Noreg. Utkastet er utarbeidd på bakgrunn av dei internasjonale dokumenta dei tre landa er bundne av.

Sametinga i Finland, Noreg og Sverige har organisert arbeidet sitt gjennom *Samisk parlamentarisk råd* i saker der det er naturleg å føre ein samordna politikk for å vareta det samiske folkets felles interesser i dei nordiske landa. Russiske samar er observatørar i rådsmøta. Regjeringa ser på Samisk parlamentarisk råd som eit viktig organ for det nordiske samarbeidet og eit organ som har betydning i internasjonale samanhengar for å styrke samarbeidet urfolk imellom og mellom urfolk og andre aktørar.

*Nordisk arbeidsgruppe for nasjonale minoritetar* er oppretta på embetsmannsnivå mellom dei departementa i Sverige, Finland og Noreg som er ansvarlege for å rapportere om korleis landa gjennomfører Europarådets rammekonvensjon om vern av nasjonale minoritetar og Europarådets språkcharter for region- og minoritetsspråk. I 2008 har Noreg ved Arbeids- og inkluderingsdepartementet teke initiativ til ein samanliknande studie som skal oppsummere erfaringane om gjennomføring, politikkutvikling og tiltak i dei tre landa. Studien vert utført av National Center for Human Rights, Oslo, og skal vere ferdig i juli 2009.

Fornyings- og administrasjonsdepartementet

til rår:

Tilråding frå Fornyings- og administrasjonsdepartementet av 26. september 2008 om Nordisk samarbeid vert send Stortinget.

---

**Vedlegg 1****Nordisk Ministerråds budsjett 2008 og forslag til budsjett 2009**

	2009	2008	%
<i>Kultur, likestilling og lovgiving</i>	165.478	173.882	-4,8 %
Kultur	155.982	164.192	-5,0 %
Likestilling	8.188	8.355	-2,0 %
Lovgiving	1.308	1.335	-2,0 %
<i>Utdanning og forsking, arbeidsliv</i>	228.821	233.899	-2,2 %
Utdanning og forsking	216.151	220.562	-2,0 %
Arbeidsliv	12.670	13.337	-5,0 %
<i>Nærings-, energi- og regionalpolitikk, velferds- og finanspolitikk</i>	150.453	155.735	-3,4 %
Nærings-, energi- og regionalpolitikk	110.909	114.165	-2,9 %
Velferdspolitikk	37.833	39.824	-5,0 %
Finanspolitikk	1.711	1.746	-2,0 %
<i>Miljø og ressurspolitikk</i>	78.149	80.913	-3,4 %
Miljø	41.869	42.723	-2,0 %
Fiskeri, jord- og skogbruk og næringsmiddel	36.280	38.190	-5,0 %
<i>Samarbeidsstatsrådane</i>	256.984	265.933	-3,4 %
Nabopolitikk	94.688	96.620	-2,0 %
Sekretariat for Ministerrådet (NMRS)	71.274	72.729	-2,0 %
Ministerrådets fellestiltak	31.022	34.964	-11,3 %
Globaliseringsinitiativa	60.000	61.620	-2,6 %
<i>Totalt</i>	879.885	910.362	-3,3 %

Budsjettet for 2009 vert halde på same nivå som i 2007. Globaliseringsinitiativa skal halde fram med 60 millionar kroner. Det inneber at alle sektorområda i budsjettet vert reduserte med 2–10 %. I 2008 vart budsjettet tilført 35 MDKK frå Ministerrådet sitt overskot av likvilde midlar. Budsjettet for 2009, som vert endelig vedteke i november etter behandling i Nordisk Råd, skal justerast for prisauke.

**Vedlegg 2**

## **Statsminister Jens Stoltenberg: Innlegg i generaldebatten, den 59. sesjon i Nordisk Råd, 30.10.2007**

President! Fordelen med å være siste taler er at jeg kan benytte anledningen til å reflektere litt over den debatten som er gjennomført. Det første jeg vil si, er at jeg gjerne vil gratulere Nordisk Råd med at vi har funnet en mye bedre form når det gjelder å organisere disse debattene, enn det vi har hatt tidligere. Både det vi gjorde i København i fjor, og det vi gjør i Oslo i år, er et uttrykk for at vi greier å aktivisere Nordisk Råd på en måte som gjør at det vert mer meningsfylte debatter enn det vi hadde tidligere, fordi vi har valgt et tema som er sentralt, og fordi vi har valgt en debattform som gjør at i hvert fall jeg – jeg håper også andre som har sittet og lyttet – har lært noe om politiske prosesser i andre nordiske land og fått stilt noen viktige spørsmål. Og selv om vi kanskje ikke har lært så mye nytt om våre egne land, har vi i hvert fall økt vår erkjennelse om diskusjoner og prosesser i andre nordiske land. Da har Nordisk Råd gjort sin jobb, da har det fungert som det samarbeidsforum det skal være i forhold til en viktig internasjonal felles oppgave.

Den andre lærdommen jeg har fått av debatten, er at selv om det er ulike syn og viktige nasjonale ulikheter og politiske diskusjoner om virkemidler og ulike partipolitiske tilnærminger til klimaspørsmål i de nordiske land, er det likevel grunnleggende slik at Norden har en felles tilnærming. Vi skal være glade for at de nordiske landene deler noen fundamentale synspunkter og noen fundamentale prinsipper med hensyn til hvordan klimaspørsmålene skal håndteres.

Vi har kjent til klimaproblemene lenge, men omfanget av problemene er større enn vi før visste. Vi vet at konsekvensene er mer dramatiske enn vi tidligere trodde, og tidsfristene for å handle er knappere enn vi håpet. Derfor er det gledelig at både det nordiske statsministermøtet vi hadde i morges, det møtet vi hadde med de baltiske statsministrene i går, og møtet med selvstyreområdet tidligere i dag, og diskusjonen her i dag, viser at Norden kan spille en rolle.

Det er flere grunner til at Norden kan spille en rolle i det internasjonale klimaarbeidet. Den ene

grunnen er at vi er enige om den viktigste strategien, nemlig arbeidet for en internasjonal klimaavtale. Vi er enige om at en slik ny internasjonal klimaavtale må være mer ambisiøs enn den eksisterende Kyoto-avtalen, at målet må være å unngå mer enn to graders global oppvarming, at vi må ha tallfestede forpliktende utslippsredusjoner, at flere land må med, både de rike landene som i dag ikke har sluttet seg til, som f.eks. USA, men også fattige land, Kina, India, Brasil, Sør-Afrika og mange andre land må med for at det skal verte en effektiv avtale reelt sett. Norges vurdering, men det har jeg også inntrykk av er mange andre nordiske lands vurdering, er at skal vi lykkes i å få med de fattige land i en avtale, må vi ikke bare appellere til deres ansvar for å ta en del av belastningene med å løse verdens klimaproblemer, men vi må også bidra økonomisk. De rike landene må betale for sine egne utslippsredusjoner, men i tillegg ta et ansvar for å betale deler av u-landenes regninger. Det er simpelthen fordi det er den rike verden som har hovedansvaret for de utslipper som har funnet sted gjennom mange år, helt siden den industrielle revolusjon.

Det er også enighet om at vi, i tillegg til å få med flere land, må få sterkere og mer konkrete tallfestede utslippsredusjoner. Så er det også enighet om at vi må jobbe med å inkludere de sektorene som ikke er med. Den siste replikkvekslingen illustrerer betydningen av det. Internasjonal skipsfart står for betydelige utslipper. For Norges vedkommende er det slik at norske skip står for utslipper som er beregnet til opp mot de totale norske utslippen. Internasjonal luftrafikk vokser kraftig. Den er ikke regulert. Flyr man fra Oslo til Stockholm, regnes de utslippen verken som norske eller som svenske. Utslippen bare forsvinner et sted uten at noe land tar ansvaret for dem. Så en ny avtale må også inkludere de sektorene som i dag ikke inkluderes, som skipsfart og flytrafikk. Det er den ene grunnen til at vi kan spille en rolle, at vi er enige om en strategi med hensyn til hvordan en avtale skal se ut.

Den andre grunnen er at vi kan spille en rolle fordi vi har særskilte oppgaver framover mot 2009. Danmark skal være vertskap for det store klimamøtet, der vi håper på en avtale. Sverige vil ha formannskapet i EU. Men jeg mener grunnleggende, og egentlig mer viktig enn at vi har de oppgavene, er at den nordiske samfunnsmodellen, der troen på samfunnsmessig styring, der troen på at menneskeskapte problemer – som klimaendringene er – kan løses av mennesker, der troen på at vi må ha sterke fellesskap for å løse felles problemer, er en modell som har vist seg sterk når det gjelder å løse andre problemer, og som også vil vise seg sterk når det gjelder å løse klimaproblemene. Også det gjør Norden i stand til å spille en rolle med tanke på å løse de internasjonale klimaproblemene.

Den tredje grunnen til at Norden kan spille en rolle, er at det er i nordområdene vi kommer til å se de største endringene i temperatur. Vi har hørt at polisen smelter raskere enn vi trodde. Hvis gjennomsnittstemperaturen øker med om lag to grader, vil temperaturen ved polene øke med opp mot fire grader, så vi ser dramatiske endringer. Vi har fått rapporter fra Grønland, og vi kommer til å se de tydeligste, tidligste konsekvensene i de nordlige strøk. Derfor gir det oss en plattform for å appellere og bidra til handling.

Norge skal selvsagt ta sin del av ansvaret. Vi har formulert tre ambisiøse mål. Det ene er å overoppfylle vår eksisterende klimaforpliktelse med 10 pst. innen 2012. Det gjør vi fordi det haster med å få ned utslippene. Ett tonn redusert i dag gir mye større effekt enn ett tonn redusert i 2020 eller 2050. Det andre er at vi skal bidra til å redusere de globale utslippene tilsvarende 30 pst. av våre utslipp innen 2020, og vi skal verte karbonnøytrale, som vi sier, innen 2050. Dette er mål vi skal nå dels gjennom betydelige tiltak i Norge og dels gjennom å bruke de mekanismene Kyoto-avtalen har når det gjelder å gå sammen med andre land, bruke grønn utviklingsmekanisme, bruke internasjonale klimakovter for å finansiere utslippsreduksjoner i andre land. Totalt skal vi altså gjøre betydelig ute og betydelig hjemme for å få ned utslippene.

Så er det det grunnleggende spørsmålet: Har vi råd? Svaret på det er at det er mye dyrere å la være. Ingen vet akkurat hvor mye det koster å unngå klimaendringer. Men det vi vet, er at kostnadene ved å la være er vesentlig større, både de moralske, de politiske og de økonomiske. Norden kan spille en rolle. Dette møtet har vist at vi har felles tilnærming og et felles ønske om å spille den rollen i det internasjonale klimaarbeidet. Takk.

### **Vedlegg 3**

## **De Nordiska statsministrarna i Punkaharju för ett kunnigare, synligare och mer välmående Norden**

### **Möjligheternas Norden - svar på globaliseringens utmaningar**

De nordiska statsministrarna samlades till sitt sommarmöte i Punkaharju Finland den 18-19 juni 2007. De enades om att förhålla sig positivt till de nya möjligheter och utmaningar för Norden som globaliseringen medför och vill utnyttja dessa möjligheter och möta utmaningarna genom att vidareutveckla en nordisk modell där den framtida välfärden för medborgarna, företagens konkurrenskraft, sysselsättning och tillväxt, gemensam kultur och satsningar på hållbar utveckling är viktiga komponenter.

De nordiska statsministrarna önskar fortsättningvis att utveckla Nordens styrkepositioner, våra länders högtstående och täckande utbildningssystem, vår expertis och vårt forskningsarbete, vår förmåga att utnyttja informationsteknik och kreativitet för att genomföra innovationer.

Statsministrarna har därför enats om att ge startskottet för en förnyad nordisk satsning på globaliseringsområdet. Satsningen skall ske i synergi med det arbetet som görs i europeisk regi och regionalt. Ett fördjupat samarbete med de baltiska länderna stärker hela Östersjöregionens konkurrenskraft och möjlighet att dra nytta av globaliseringen.

Följande åtgärder och målsättningar kommer att främjas till förmån för ett kunnigare, synligare och mer välmående Norden. Dessa åtgärder och målsättningar främjas inom ramarna för Nordiska ministerrådet och i andra sammanhang där de nordiska regeringarna samarbetar:

#### *Ett kunnigare Norden*

1. Satsningen inom den europeiska ramen på ett starkt nordiskt kunskaps- och innovationsområde ska intensifieras. Nordiska ministerrådet utarbetar tills sommaren år 2008, efter diskussioner bland närings-, utbildnings- och forskningsministrarna, ett förslag till samarbetsministrarna om främjande av nordisk toppforskning, i nära samarbete med näringslivet, med beaktande av möjligheter att stärka nätverkssamarbete mellan nordiska toppforskningsenheter och bland aktörer på innovationsom-

rådet. Bland annat följande tyngdpunkter beaktas: främjandet av innovationer, frågor kring klimat, energi och miljö samt välfärdsforskning och hälsa.

2. Stärkning av samarbetet inom högre utbildning skall öka kontakten mellan nordiska läroanstalter och lyfta Norden som en attraktiv studieort. Forskning och innovation förstärks genom att i ökande grad koordinera nationella FoU program och innovationsprogram, samt genom att främja samarbetet mellan de nationella forskningsfinansiärerna.

3. De nordiska regeringarna ska utreda möjligheten att grunda nordiska innovationsrepresentanter i Asiens växande ekonomier. Utredningen presenteras för Nordens samarbetsministrar sommaren 2008.

4. För att göra den nordiska prispolitiken mångsidigare framlägger de nordiska statsministrarna för Nordiska rådet ett initiativ om att instifta ett innovationspris för nordisk kvalitet från och med år 2008.

#### *Ett synligare Norden*

5. Norden som region ska profileras. Ett förslag utarbetas om nordiskt samarbete när det gäller marknadsföring och export på växande marknader framför allt utanför Europa. Förslaget bör täcka områden där en gemensam nordisk satsning ger mervärde i förhållande till nationella satsningar, som t.ex. användning av förnybar energi, energieffektivitet och miljöskydd.

6. Ett förslag utvärderas i samråd med Nordiska Rådet om skapandet av ett årligt nordiskt forum med början år 2008, för att ta fram gemensamma nordiska svar på de möjligheter och utmaningar som globaliseringen medför, med deltagande av de nordiska statsministrarna och andra inbjudna deltagare från näringslivet, forskning, politik och medborgarorganisationer.

#### *Ett välmående Norden*

7. Det nordiska samarbetet på energiområdet ska stärkas. Harmonisering av nordiska elmarknaden samt investeringar i transmissionsnätet och pro-

duktion ska genomföras för en mera effektiv, gränslös och hållbar nordisk elmarknad som kan bidra till att säkra god försörjningssäkerhet i Norden.

8. Norden ska vara en föregångsregion i arbetet med att minska utsläppen av växthusgaser. De nordiska länderna har också toppkunnande inom bl.a. miljöskydd, energieffektivitet, förnybar energi och fångst av koldioxid. Därför förstärker de tillsammans insatsen för att undersöka teknologiernas möjligheter och identifiera dem som mest relevanta för ett tätare nordiskt samarbete. Särskild vikt läggs vid gemensam marknadsföring globalt av ovan nämnda styrkepositioner.

9. De nordiska ländernas regeringar utarbetar en konkret förteckning över åtgärder för att häva de gränshinder för människors umgänge och rörlighet samt företags verksamhet som fortfarande föreligger i Norden, och eftersträvar att med alla medel undanröja svårigheter som medborgarna kan stöta på i det nordiska umgåendet. En redogörelse för kvarvarande gränshinder samt genomförda och planerade åtgärder för att undanröja dessa, presenteras löpande på de nordiska statsministrarnas höstmöten från och med 2007.

#### *Uppföljning och finansiering*

10. Arbetet med att genomföra initiativen leds av de nordiska samarbetsministrarna och berörda minis-

terråd i en löpande dialog med Nordiska Rådet. Nordiska ministerrådet (NMR) utvecklar samtidigt sin verksamhet och anpassar sin budget och sin organisatoriska struktur till tväradministrativt samarbete, för att kunna genomföra de gemensamma strävandena på globaliseringsområdet. En första samlad rapportering om hur globaliseringsåtgärderna fortskrider ska ske till statsministrarna vid Nordiska rådets 59:e session i Oslo i 2007.

11. Statsministrarna har med intresse tagit del av idéer presenterade vid mötet av Nordiska ministerrådets generalsekreterare. De kan med fördel övervägas av samarbetsministrarna i konkretiseringen av globaliseringsinitiativen.

12. Samarbetsministrarna uppmuntras att avsätta ett belopp upp till 60 MDKK i NMRs budget för år 2008 till finansiering av globaliseringsinitiativen och till de berörda nordiska institutionerna, som ska ha en roll i realiseringen av förslagen. NMR tillsätter samtidig en särskild finansieringsgrupp för att dryfta sammordnade finansieringsmöjligheter för globaliseringsprocesser, härunder särskilt omprioriteringar av NMR's budget, som avspeglar prioriteringen av det nordiska globaliseringsarbetet. Arbetsgruppen rapporterar till samarbetsministrarna om NMRs globaliseringsbudget för 2008 på hösten 2007 och om finansieringsfrågorna för år 2009 och framåt i löpet av 2008.

**Vedlegg 4****Nordisk samarbeid. Nettsteder.**

Nordisk Ministerråd –	
de nordiske regjeringers samarbeidsorgan	<a href="http://www.norden.org">www.norden.org</a>
Nordisk Råd –	<a href="http://www.norden.org">www.norden.org</a>
Nordisk internettportal om trygdeytelser i Norden	<a href="http://www.nordsoc.org/sv/">www.nordsoc.org/sv/</a>
Nordisk skatteportal	<a href="http://www.Nordisketax.net">www.Nordisketax.net</a>
Grensetjenesten –Morokulien	<a href="http://www.grensetjansten.no">www.grensetjansten.no</a>
Hallo Norden (Nordisk Ministerråds informasjonstjeneste)	<a href="http://www.hallonorden.org">www.halonorden.org</a>
Grensehinderforum	<a href="http://www.regjeringen.no">www.regjeringen.no</a>
Europaportalen	<a href="http://www.regjeringen.no">www.regjeringen.no</a>

**Vedlegg 5****Forkortingsregister**

BEG	Budgetexpertgruppen
EK-A	Embedsmandskomitéen for Arbejdsliv
EK-FINANS	Embedsmandskomitéen for Økonomi- og Finanspolitik
EK-FJLS	Embedsmandskomitéen for Fiskeri og Havbrug, Jordbrug, Levnedsmidler og Skovbrug
EK-JÄM	Embedsmandskomitéen for Ligestilling
EK-K	Embedsmandskomitéen for Kultur
EK-LOV	Embedsmandskomitéen for Lovsamarbejde
EK-M	Embedsmandskomitéen for Miljø
EK-NER	Embedsmandskomitéen for Erhvervs- og Energipolitik
EK-R	Embedsmandskomitéen for Regionalpolitik
EK-S	Embedsmandskomitéen for Social- og Helsepolitik
EK-U	Embedsmandskomitéen for Uddannelse og Forskning
FNF	Foreningerne Nordens Forbund
HØGUT	Styregruppen for nordisk samarbejde indenfor højere uddannelse
LOP	Lønns- og personalutvalget
MR-A	Ministerrådet for Arbejdsliv
MR-FINANS	Ministerrådet for Økonomi- og Finanspolitik
MR-FJLS	Ministerrådet for Fiskeri og Havbrug, Jordbrug, Levnedsmidler og Skovbrug
MR-JÄM	Ministerrådet for Ligestilling
MR-K	Ministerrådet for Kultur
MR-LAG	Ministerrådet for Lovsamarbejde
MR-M	Ministerrådet for Miljø
MR-NER	Ministerrådet for Erhvervs, Energi- og Regionalpolitik
MR-S	Ministerrådet for Social- og Helsepolitik
MR-U	Ministerrådet for Uddannelse og Forskning
MR-SAM	Samarbejdsministrene
NAB	Nordiska rådgivande nämnden för energiinformation
NAD	Nordiska nämnden för alkohol- och drogforskning
NAF	Nordisk Arbetsgruppe för Fiskeriforskning
NAI	Nordiska Afrikainstitutet
NAPA	Nordens Institut i Grönland
NAR	Nordisk amatørteaterråd
NDF	Nordiska Utvecklingsfonden
NEFCO	Nordic Environment Finance Cooperation (Nordiska miljöfinansieringsbolaget)
NEFP	Nordisk Energiforskning
NFS	Nordens Fackliga Samorganisation
NFTF	Nordisk Film- og TV-fond
NGB	Nordiska Genbanken
NGH	Nordisk Genbank Husdyr
NHFØ	Nordens Hus på Færøerne
NHV	Nordiska högskolan för folkhälsovetenskap

NIAS	Nordisk Institut for Asienstudier
NIB	Nordiska Investeringsbanken
NICe	Nordisk InnovationsCenter
NIFCA	Nordiska institutet för samtidskonst
NIFIN	Nordens Institut i Finland
NIFS	Nordisk institutt for sjørett
NIKK	Nordisk institutt for kunnskap om kjønn
NIOM	Nordisk institutt for odontologiske materialer
NIPÅ	Nordens institut på Åland
NIVA	Nordiska institutionen för vidareutbildning inom arbetsmiljöområdet
NKB	Nordisk kommitté för bioetik
NKF	Nordiska Konstförbundet
NKJ	Nordiskt Kontaktorgan för Jordbruksforskning
NKR	Nordkalottrådet
NKS	Nordisk kontakt om statsbyggeri
NKV	Nordisk kollegium for viltforskning
NMF	Nordiska Miljöudviklingsfonden
NMKL	Nordisk metodikkomité for næringsmidler
NMR	Nordisk Ministerråd
NOMESKO	Nordisk medicinalstatistikkomite
NOMUS	Nordiska Musikkommittén
NOPEF	Nordiska Projektexportfonden
NOP-HS	Nordiska publiceringskommittén för humanistiska och samhällsvetenskapliga tidskrifter
NOPUS	Nordiska utbildningsprogrammet för utveckling av social service
NOR	Nordisk organ for reinforskning
NORA	Nordisk atlantsamarbejde
NORDA	Nordiskt samarbete om teknisk ackreditering
NORBUK	Nordisk Barn- og Ungdomskomit��
NORDEX	Nordisk samarbeidskomite for offentlig tilsyn med brannfarlige og eksplasive varer
NORDFORSK	Nordisk forskningsråd
NORDICOM	Nordiskt informationscenter f��r medie- och kommunikationsforskning
NORDITA	Nordisk institut for teoretisk fysik
NORDKONS	Nordiskt konsumentssamarbejde
NORDREGIO	Nordic Centre for Spatial Development
NORDVULK	Nordisk vulkanologisk institut
NOREY	Nordens Hus i Reykjavik
NORMET	Samarbetsforum f��r nordisk metrologi (m��tteknik)
NOS-HS	Nordiska samarbetsn��mnden f��r humanistisk och samh��llsvetenskaplig forskning
NOS-M	Nordiska samarbetsn��mnden f��r medicinsk forskning
NOS-N	Nordisk samarbeidsnemnd for naturvitenskap
NOSOSKO	Nordisk socialstatistikkomit��
NR	Nordisk R��d
NSfK	Nordisk samarbejdsr��d for Kriminologi
NSFP	Nordisk Skovbrugs Fr��- og Planter��d
NSH	Nordiska samarbetsorganet f��r handikappfr��gor
NSHF	Nordisk sam��r��dsgruppe p�� h��jt niveau for flygtningesp��rgsm��l
NSI	Nordisk samisk institutt
NSK	Nordiska samarbetskommitt��n

NSS	Nordisk samarbeid innenfor skoleområdet
NSS	Nordiska kommittén för samordning av elektriska säkerhetsfrågor
NSU	Nordisk Sommeruniversitet
NTR	Nordiska träskyddsrådet
NTR	Nordiska tulladministrativa rådet
NUD	Nordisk Uddannelsescenter for Døvblindepersonale
NUK	Nordiska ungdomskommittén
ODIN	Nordisk skolenet
SLEIPNIR	Rejsestipendieordning for unge kunstnere i Norden under 36 år
SNEIL	Sekretariatet för de nordiska energiinformationsbiblioteken
SNS	SamNordisk Skogsforskning
VALHALLA	Nordisk netværk for børne- og ungdomskultur





Offentlege institusjonar kan tinge fleire  
eksemplar frå:  
Servicesenteret for departementa  
Post og distribusjon  
E-post: publikasjonsbestilling@dss.dep.no  
Faks: 22 24 27 86

Opplysningar om abonnement, laussal og  
pris får ein hjå:  
Akademika AS  
Avdeling for offentlege publikasjonar  
Postboks 84 Blindern, 0314 Oslo  
E-post: offpubl@akademika.no  
Telefon: 22 18 81 00  
Faks: 22 18 81 01  
Grønt nummer: 800 80 960

Publikasjonen er også tilgjengeleg på  
[www.regjeringen.no](http://www.regjeringen.no)

Omslagsbilete: "Fossefall i Lysefjorden"  
Johannes Jansson, Nordisk Ministerråd, København

Trykk: Lobo Media AS – 09/2008

